



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 10

(2007–2008)

Knutepunkt

Kriterium for knutepunktstatus og vurdering
av gjennomføring av knutepunktoppdraget



Innhold

1	Innleiing og om formålet med meldinga	5	3.3.2	Mål- og resultatkriterium	18
			3.3.3	Evaluering av knutepunktoppdrag	22
			3.3.4	Prosess	23
2	Bakgrunn	7	4	Departementets vurdering av kriterium for knutepunktstatus	24
2.1	Om knutepunkt.....	7	4.1	Innleiing	24
2.2	Endringar 1995-2008	8	4.1.1	Forankring til stad.....	24
2.3	Institusjonsinndelingar	9	4.1.2	Festivalaktivitet kvart år	24
2.4	Statstilskot til knutepunkt, festivalar og festspel.....	10	4.1.3	Kunstnarleg leiande	24
2.5	Oppnemning av styre i knutepunkt	10	4.1.4	Koordinering og samarbeid	25
2.6	Knutepunkt	10	4.1.5	Nasjonal og internasjonal orientering	25
2.6.1	Festspillene i Bergen	11	4.1.6	Nyskapande og utviklingsorientert.....	25
2.6.2	Festspillene i Nord-Norge	11	4.1.7	Publikumsutvikling	25
2.6.3	Olavsfestdagene i Trondheim	12	4.1.8	God ressursutnytting	26
2.6.4	Molde International Jazz Festival	12	4.1.9	Regional medverknad	26
2.6.5	Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	13	4.2	Oppdrag for knutepunkt – departementets vurdering	26
2.6.6	Ultima Oslo Contemporary Music Festival.....	13	5	Oppnådde mål, styring og kontroll	28
2.6.7	Festspillene i Elverum	14	5.1	Innleiing	28
2.6.8	Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene	14	5.2	Evaluering	28
2.6.9	Notodden Blues Festival.....	14	5.3	Oppnemning av styre og val av organisasjonsform.....	29
2.6.10	Per Gynt-stemnet.....	15	5.4	Styret og leiinga sitt ansvar for oppfølging og kontroll.....	30
2.6.11	Stiftelsen Horisont/Mela.....	15	6	Gjennomføring	31
2.6.12	Knutepunkt for rock.....	16	7	Økonomiske og administrative konsekvensar	32
3	Høyring om justerte kriterium for og vurdering av knutepunktoppdrag	17	Vedlegg		
3.1	Innleiing.....	17	1	Knutepunkt – St. prp. nr. 1 (2007–2008)	33
3.2	Forslag til presisering av kriterium for knutepunktoppdrag – høyringsutkast	17	2	Høyringsinstansar	34
3.2.1	A. Mål- og resultatkriterier	17			
3.2.2	B. Vurdering av gjennomføring av knutepunktoppdrag	17			
3.2.3	C. Prosess	18			
3.3	Samandrag av høyringsfråsegner	18			
3.3.1	Innleiing.....	18			



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 10

(2007–2008)

Knutepunkt

Kriterium for knutepunktstatus og vurdering av gjennomføring av knutepunktoppdraget

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 21. desember 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og om formålet med meldinga

Gjennom målretta tiltak og ei generell styrking av løyvingane over statsbudsjettet til kunst-, kultur- og frivillig arbeid, gjennomfører regjeringa Kulturløftet. Løyvingane til kunst- og kulturformål har fått eit markert løft også for 2008. Målet er at 1 pst. av statsbudsjettet skal gå til kulturformål innan 2014.

Den viktigaste oppgåva for kulturpolitikken er å leggje til rette for at alle kan oppleve eit mangfald av ulike kulturtilbod og kunstnarlege uttrykk og ta del i eit aktivt kulturliv. Den skapande kunsten gjev bidrag til fornying og utvikling av samfunnet og enkeltmennesket ved formidling av eit mangfald av kunstoplevingar. Tilgang til kunst- og kulturopplevingar og ønsket om å uttrykke seg gjennom kunst og kultur skal ikkje vere avhengig av geografi eller sosiale skiljeliner. Det er nødvendig med eit offensivt offentleg engasjement for å sikre breidde og mangfald.

Eit viktig verkemiddel for å oppnå ei tydeleggjering av det offentlege ansvaret for kultursektoren er Kulturlova, som vart sett i verk 1. august 2007. Kulturlova lovfestar ansvaret staten, fylkeskommunen og kommunen har for kulturverk-

semd og gjer det til ei plikt å sikre at flest mogleg har tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod.

Det er viktig å sørgje for at offentlege midlar til kulturformål blir forvalta og avgjerder blir tekne på ein effektiv og ubyråkratisk måte slik at mest mogleg av kulturmidlane kjem kulturlivet til gode. Dessutan må ordningane på feltet vere innretta i samsvar med behova sektoren har. Viktige prinsipp er: armlengds avstand, desentralisering, spreieing av avgjerder og utøving av kunstfagleg skjønn, å gjere institusjonane ansvarlege og redusere kostnadskrevjande byråkrati for å kanalisere meir pengar til skapande kunstnarleg verksemd, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Kunst- og kulturinstitusjonar med eit monaleg offentleg tilskot – med unnatak av institusjonar innanfor det nasjonale museumsnettverket og arkivverket – inngår i det funksjonsdelingsssystemet som vart etablert på midten av 1990-talet. I dette systemet er institusjonane kategoriserte i nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt. Denne meldinga omhandlar knutepunkta.

Formålet med meldinga er å gje knutepunkt-omgrepet eit fornya innhald ved å presisere kultursvaret og oppdraget som følgjer av det offentlege tilskotet til verksemdar med status som knutepunkt.

Siktemålet med meldinga er å sikre at det vert stilt klare forventningar til verksemdar med status som knutepunkt. Departementet har på denne bakgrunnen hatt ein gjennomgang av korleis knutepunktoppdraga skal bli gjennomførte og vurderte, jf. St.prp. nr 1 (2006-2007).

Også innanfor det gjeldande funksjonsdelings-systemet er det ein føresetnad for statstilskotet at institusjonar som får fast årleg statstilskot, skal gjere greie for oppnådde resultat. Mål- og resultatkrav blir utforma ut frå verkeområdet og funksjonen til institusjonane. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i dette systemet etter 1997. I St.prp. nr. 1 (2007-2008) er det også gjort greie for det økonomiske styringssystemet. I dag blir det i hovudsak rapportert om kvantitative mål. Departementet ser det som viktig at det i tillegg vert utvikla kriterium for vurdering av korleis dei kulturpolitiske måla av meir kvalitativ art kan bli oppnådde.

Meldinga drøftar kva for kriterium og krav som bør bli stilte til festivalar og festspel som har status som knutepunkt, og legg fram forslag til eit justert system for vurdering av resultat og oppnådde mål som også inkluderer resultat av kvalitativ art.

Meldinga omhandlar vidare oppnemning av medlemmer til styre for knutepunkta og den allmenne organisasjonsforma for slike verksemdar.

Dei fleste verksemdene som har knutepunktstatus i dag, er festspel eller festivalar med musikk som tyngdepunkt i programtilbodet.

Samstundes ser departementet med bakgrunn i dagens knutepunkt at det ikkje bør gå «inflasjon» i knutepunktoppdrag. Nye knutepunkt skal ha ei særskilt grunngjeving anten i form av nasjonalt sjangeransvar eller regionalt breiddeansvar.

Den infrastrukturen som festivalane representerer i form av kunnskapsrike personar, aktive samarbeidsrelasjonar og fysiske anlegg, er viktige føresetnader for det lokale kunstlivet gjennom året. Knutepunkta har også, men i ulik grad, ei in-

ternasjonalt retta verksemd og eit internasjonalt renommé gjennom samarbeid med festivalar i utlandet om programverksemd og booking av internasjonale artistar.

Det kunstfaglege nivået i verksemdene med knutepunktstatus er gjennomgåande høgt. Knutepunkta sikrar eit viktig tilbod til publikum både nasjonalt og lokalt med framsyningar og turnéverksemd i festivalperioden.

Framveksten av nye knutepunkt har skjedd over tid og med utgangspunkt i lokalt baserte festivalar oppstått på grunnlag av lokal entusiasme og stor frivillig innsats. Ved å byggje opp arenaer og arrangør-/formidlingskompetanse med forankring i lokale miljø og lokale ressursar, har festivalane ført til ei desentralisering av kunsttilbodet basert på lokalmiljøa sine egne premisser.

Det økonomiske grunnlaget for knutepunkt er svært ulikt både med omsyn til statleg tilskot og eigeninntekter. Det har innverknad på omfanget av verksemda og dei funksjonar som knutepunkta vil vere i stand til å oppfylle.

Meldinga tek ikkje stilling til kva for verksemdar som i framtida skal få knutepunktstatus eller det økonomiske tilskotet knytt til slike oppdrag.

Det er inngått knutepunktavtalar for nokre få kunstmuseum og institusjonar på filmområdet. Som eit resultat av etableringa av det nasjonale museumsnettverket er alle musea likestilte ved at hovudregelen for tilskot til museum i det nasjonale museumsnettverket vil vere 60-40 pst. deling av det offentlege tilskotet mellom stat og regionale/lokale tilskotsparter.

Innanfor filmområdet er det gitt knutepunktfinansiering til Nordnorsk Filmsenter AS og kortfilmfestivalen i Grimstad. Desse er handsama i St.meld. nr. 22 (2006-2007) *Veiviseren For det norske filmlofte*, og dei vil difor ikkje bli omtalte i denne meldinga.

Det er foreslått at frå 2008 skal all støtte til filmfestivalar bli utbetalt frå Norsk kino- og filmfond og administrert av FILM&KINO. Som eit resultat av dette vil FILM&KINO også ta over dei plikter staten har etter knutepunktavtalen for Kortfilmfestivalen i Grimstad, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008).

2 Bakgrunn

I samband med Stortingets handsaming av St.meld. nr. 61 (1991-1992) *Kultur i tiden*, vart det fastsett ny funksjonsdeling mellom staten og dei regionale og lokale styresmaktene for institusjonar innanfor kulturfeltet for å oppnå best mogleg samsvar mellom oppgåveløysing og økonomisk ansvar, jf. Innst. S. nr. 115 (1992-1993), St.prp. nr. 1 (1994-1995) og Innst. S. nr. 1 (1994-1995).

Kulturmeldinga frå 1992 la opp til ei tredeling av institusjonane som skulle inngå i det nye funksjonsdelingssystemet, med nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt. Staten tok over heile det offentlege tilskotsansvaret for dei nasjonale institusjonane. For region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt vart det gjort vedtak om eit delt finansieringsansvar mellom staten og regionale/lokale styresmakter.

2.1 Om knutepunkt

I St.meld. nr. 61 (1991-1992) *Kultur i tiden*, vart omgrepet knutepunkt definert slik:

«Knutepunktinstitusjonene er tenkt å få en fremtidig rolle som bærere av et nasjonalt kulturansvar og samtidig ha en regional og lokal tilknytning. Den største utfordringen for disse institusjonene vil, foruten å ivareta egen utvikling, produksjon og formidling, være å utvikle ideer, tilbud og kompetanse som kan komme hele regionen til gode og bidra til å styrkje kontakt og faglig miljø innenfor de respektive landsdeler. Samtidig er tanken at nettverksfunksjonene skal koble dem tettere både til andre institusjoner og til statlige og regionale myndigheter.»

Knutepunkta skal ha ei felles statleg og fylkeskommunal/kommunal finansiering etter ei fordeling 60-40 pst. mellom stat og fylkeskommune/kommune. For Nord-Noreg endra Stortinget fordelinga til 70-30 pst, med 100 pst. statleg finansiering for Nordnorsk Kunstmuseum.

Det vart vidare sagt i St.meld. nr. 61 (1991-1992) at det er ei viktig oppgåve å sikre formidling av kunst og kultur på eit høgt nivå over heile landet. Dette er eit ansvar som riksinstitusjonane, dei

nasjonale institusjonane og knutepunktinstitusjonane er venta å ta hand om gjennom eit formidlingsnettverk som skal dekkje heile landet.

I St.meld. nr. 61 (1991-1992) vart det dessutan under omtalen av budsjettkapitlet «*Billedkunst og kunsthåndverk*» vist til at ein framleis står overfor uløyste oppgåver når det gjeld formidling av biletkunst- og kunsthåndverk, fleire enn på mange av dei andre kulturområda. Eit av dei verkemidla som vart trekt fram, er ei klårare ansvarsdeling og eit sterkare statleg ansvar for ei rekkje institusjonar på området.

Under Stortinget si drøfting av Kulturmeldinga frå 1992 vart det gjort ein del justeringar av kva for institusjonar som var omfatta av den nye funksjonsdelinga, og kva for status dei var tildelt. Ein del av dei knutepunkta det var forslag om, fekk såleis status som nasjonal eller region-/landsdelsinstitusjon. Det vart også tatt inn ein del institusjonar i funksjonsdelingssystemet som det ikkje var framlegg om i St.meld. nr. 61 (1991-1992). Nokre av desse fekk status som knutepunkt.

Totalt 13 institusjonar fekk status som knutepunkt. Størsteparten av desse var å finne på biletkunstudområdet, jf. pkt. 2.2 *Endringar 1995-2008* under.

Ein viktig føresetnad for forslaget om funksjonsdeling i St.meld. nr. 61 (1991-1992) var å sikre formidling av kunst og kultur, oppleving og deltaking på eit høgt kvalitativt nivå over heile landet. Dette var i første rekkje eit ansvar for riksinstitusjonane og dei nasjonale institusjonane. Men også knutepunkta var tiltenkte ei sentral rolle i det formidlingsnettverket som måtte til for å dekkje landet fullstendig.

Meldinga la til grunn at både riksinstitusjonane og knutepunkta måtte ta hand om viktige formidlingsoppgåver, dels ved å vere med på formidling på tvers av fylkesgrenser og med det ta vare på Noreg som eitt rike, og dels ved å vere ein part i utviklinga av det regionale tilbodet. Det vart særleg peika på behovet for ei systematisk utbygging av formidlingstilbodet innanfor biletkunst og kunsthåndverk.

I *Nasjonal plan for formidling av billedkunst og kunsthåndverk* (1994) vart omgrepet knutepunkt-

institusjon konkretisert. Med sin plass på det nasjonale og regionale nivået skulle knutepunktinstitusjonane ha ei rekkje viktige oppgåver og som hovudregel ha:

- ei fast samling av biletkunst og/eller kunsthandverk med regional profil der dette var mogleg
- kvalifisert kunstfagleg personale
- sakkunnig innkjøpskomité
- ansvar for utveksling av vandreutstillingar med andre institusjonar i det nasjonale nettverket
- tilrettelegging av formidling til barn og unge
- museums- og formidlingsfaglege rådgjevingsoppgåver for sin region.

Med bakgrunn i dei dokumenta som er nemnde ovanfor, sette Kulturdepartementet i desember 1994 ned ei arbeidsgruppe som mellom anna fekk i oppgåve å greie ut innhaldet i omgrepet knutepunkt, gje faglege retningslinjer, målsetting og eventuelt fellesnemnarar for knutepunkta.

Rapporten vart lagt fram i mars 1995 etter innspel frå dei fylkeskommunane og kommunane som var bidragsytarar til dei ulike knutepunkta. Rapporten konkluderte med følgjande generelle kriterium for status som knutepunkt:

- Ei kvalitativt betre *formidling* må vektleggast som oppgåve for knutepunkta.
- Det må vere ein føresetnad at knutepunkta har eit primæransvar for ein region, som for mange av dei vil vere eit større geografisk nedslagsfelt enn dei har hatt tidlegare.
- Barn og unge er eit satsingsområde. Derfor vil det vere naturleg å krevje at knutepunkta skal ha eit spesielt ansvar for desse gruppene.
- Det må vere ein føresetnad at eit knutepunkt har kvalifisert personale innanfor sitt fagområde.
- Det er forventa at kvart knutepunkt tek vare på sitt særpreg. Såleis er det ikkje slik at kvart knutepunkt skal løyse alle oppgåver som blir definert inn i omgrepet.
- Det er ikkje tanken at institusjonens virkeområde eller formålsparagraf skal bli endra som konsekvens av knutepunktstatus.
- Det er ein føresetnad at deler av dei nye oppgåvene kan bli ivaretatt innanfor eksisterande ressursrammer. Nettverkssamarbeidet skal hjelpe institusjonane til å gjere eit betre formidlingsarbeid enn tidlegare.

For biletkunst- og kunsthandverkinstitusjonane var det i tillegg lagt følgjande kriterium til grunn:

- Knutepunkta skal syta for eiga utvikling, produksjon og formidling.

- Innanfor regionen/landsdelen skal knutepunkta utvikle idear, tilbod og kompetanse og gjere sitt til å styrkje kontakt og fagleg miljø.
- Knutepunkta skal vere i samspel med nasjonale og regionale nettverk innanfor same kunstgrein samt offentlege styresmakter.

Rapporten hadde eit særskilt fokus på biletkunst og kunsthandverkinstitusjonane. For knutepunkt innanfor musikk og film, vart dei generelle krava lagt til grunn. Dette både fordi det i St.meld. nr. 61 (1991-1992) ikkje vart gjennomført ei særskilt utgreiing av musikk- og scenekunstheltet og fordi det heller ikkje låg føre ein overordna plan for desse områda.

Rapporten gjekk inn som grunnlag for departementet si utforming av eit mål- og resultatstyringssystem, som det vart gjort greie for i St.prp. nr. 1 (1995-1996) og St.prp. nr. 1 (1996-1997), jf. punkt 2.3 *Institusjonsinndelingar* og 2.5 *Oppnemning av styre i knutepunkt*.

2.2 Endringar 1995-2008

Etter Stortinget si drøfting av St.meld. nr. 61 (1991-1992) *Kultur i tiden* fekk følgjande institusjonar kunstepunktstatus i 1995:

Biletkunst og kunsthandverk:

- Nordnorsk Kunstmuseum, Tromsø
- Nordnorsk Kunstnersentrum, Svolvær
- Trøndelag Kunstgalleri, Trondheim
- Lillehammer Kunstmuseum, Lillehammer
- Bergen kommunenes kunstsamlinger, Bergen
- Rogaland Kunstmuseum
- Christianssands Billedgalleri/Sørlandets Kunstmuseum, Kristiansand
- Galleri F15, Moss
- Vestlandske Kunstindustrimuseum, Bergen
- Kunstindustrimuseet i Oslo

Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum i Trondheim fekk status som nasjonal institusjon, men skulle ha oppgåver på like line med dei knutepunkta som er nemnde ovanfor.

Musikk:

- Festspillene i Bergen
- Festspillene i Nord-Norge

Film:

- Nordnorsk Filmsenter AS, Honningsvåg

Sidan 1995 er det gitt knutepunktstatus til følgjande verksemdar:

Musikk:

- Olavsfestdagene i Trondheim, 1999
- Molde Internasjonale Jazz Festival, 2000
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, 2005
- Ultima Oslo Contemporary Music Festival, 2006
- Festspillene i Eleverum, 2006
- Notodden Blues Festival, 2007

Litteratur:

- Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene, 2006

Med St.prp. nr. 1 (2006-2007) vart det i tillegg foreslått å setje av midlar til å inngå ei avtale om knutepunktstatus for ein rockfestival i løpet av 2007.

I St.prp. nr. 1 (2007-2008) er det foreslått knutepunktstatus til Per Gynt-stemnet og Stiftelsen Horisont/Mela.

Med unnatak av Nordnorsk Kunstnersentrum (no Nordnorsk Kunstnarsenter) er alle knutepunkta frå 1995 på biletkunst- og kunsthandverksområdet i dag del av det nasjonale museumsnettverket og er tilskotsmottakarar under statsbudsjettets kap. 328, post 70 Det nasjonale museumsnettverket. Etableringa av dette nettverket har bakgrunn i St.meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet*. For å medverke til ei fagleg, administrativ og økonomisk styrking av musea, skisserte meldinga ei strukturell reform med regionale samanslåingar av mindre museum og etablering av eit nasjonalt nettverk av dei konsoliderte musea.

Etter reforma er Bergen kommunes kunstsamlings og Vestlandske Kunstindustrimuseum del av Kunstmuseene i Bergen, Galleri F15 er ein del av Punkt Ø og Kunstindustrimuseet i Oslo er ein del av Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Dermed eksisterer dei ikkje lenger som sjølvstendige institusjonar.

Etter opprettinga av det nasjonale museumsnettverket, der både tidlegare nasjonale institusjonar, knutepunkt og museum som fekk statstilskot via fylkeskommunane no inngår på lik line, er det ikkje lenger naturleg å oppretthalde funksjonsdelinga mellom institusjonane. Departementet set dei same føresetnadene for og faglege krava til

alle museum som har fått status som konsoliderte einingar og som mottek statstilskot som del av det nasjonale museumsnettverket. Ein tek derfor sikte på å avvikle knutepunktavtalar for dei institusjonane som fortsatt har slike.

I det nasjonale museumsnettverket er det ein føresetnad at statstilskotet som hovudregel ikkje skal overstige 60 pst. av det samla offentlege tilskotet og at reigonen skal bidra med minst 40 pst. For dei tidlegare knutepunktinstitusjonane betyr derfor innlemminga i museumsnettverket inga endring i tilskotsfordelinga.

I tillegg til dei biletkunst- og kunsthandverksinstitusjonane som blir nemnde ovanfor, blir dette feltet teke hand om av sju museum i det nasjonale museumsnettverket. Det er også eit tjuetals formidlingsarenaer for biletkunst og kushandverk som mottek statstilskot over kap. 322, post 78, for eksempel Vestfossen kunstlaboratorium og Galleri Bomuldsfabrikken. Ein samla presentasjon av biletkunst- og kunsthandverksfeltet omfattar i tillegg Nasjonalmuseet si rolle som nav i eit landsdekkjande formidlingsnettverk.

På bakgrunn av dette må ein sjå tilskot til biletkunst og kunsthandverk i samanheng med heilskapen på feltet og dei aktuelle strukturane desse aktørane går inn i, noko som fell utanfor rammene for denne meldinga. Dette saksfeltet blir derfor ikkje drøfta nærare i dette dokumentet.

På bakgrunn av dette vil ikkje institusjonane med knutepunktstatus innanfor biletkunstfeltet bli drøfta vidare i meldinga. Dei vil heller ikkje bli omfatta av kriteria som her blir drøfta for knutepunkttoppdrag.

2.3 Institusjonsinndelingar

I St.prp. nr. 1 (1996-1997) vart det gjort greie for tilskotsdelinga mellom staten og regionane:

«Etter den nye funksjonsdelinga har staten ansvar for 100 pst. av driftstilskotet til dei nasjonale institusjonane. For region-/landsdelsinstitusjonane har staten ansvar for 70 pst. medan regionen (fylkeskommune og/eller kommune) har ansvar for 30 pst. For knutepunktinstitusjonane i Sør-Noreg har staten ansvar for 60 pst., i Nord-Noreg for 70 pst. Regionen har ansvaret for resten av tilskotet....»

For institusjonar som inngår i funksjonsdelingsystemet, er det inngått avtaler om finansieringa mellom staten og dei regionale tilskotspartane.

Styringsdialogen med institusjonar som inngår i funksjonsdelingssystemet, er formalisert gjennom standardavtaler med andre tilskotsparter, krav om statleg styrerepresentasjon, krav til budsjettsøknader og rapportering, rekneskapsrapport og årsrekneskap stadfesta av revisor. Styringa av institusjonane har eit langsiktig perspektiv ved at institusjonane skal utarbeide utviklingsplanar av langsiktig karakter.

2.4 Statstilskot til knutepunkt, festivalar og festspel

For 2008 er det under Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett gitt tilskot til institusjonar med knutepunktstatus under fagkapitla 322 Billedkunst, kunsthåndverk og offentlig rom, 323 Musikkformål, 324 Scenekunstformål og kap. 328 Museums- og andre kulturvernformål, jf. vedlegg 1 for oversikt over desse institusjonane.

I tillegg vert det i 2007 gitt tilskot til 80 festivalar frå tilskotsordninga for musikkfestivalar under kap 320 Allmenne kulturformål, post 50 Norsk kulturfond. Nokre festivalar og festspel får også fast årleg tilskot utan å ha status som knutepunkt.

I St.prp. nr. 1 (2007-2008) legg departementet til grunn at institusjonar og verksemder som får fast årleg tilskot, sjølv tek ansvar for å skape rom innanfor sine budsjett for tiltak som kan fremje forsøk og utvikling i eiga verksemd. Som hovudregel skal slike verksemder ikkje kunne søkje Norsk kulturråd om tilskot. I St.prp. nr. 1 (2006-2007) vart det varsla at departementet vil ta initiativ til ein gjennomgang av funksjonsdelinga mellom Norsk kulturfond og andre budsjettområde. Inntil ein har konklusjonane frå den varsla gjennomgangen, legg departementet til grunn at Norsk kulturråd, som unnatak frå hovudregelen, berre i spesielle tilfelle kan gi tilskot til verksemder som får årleg tilskot over statsbudsjettet sitt kapittel 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskudd til tiltak under Norsk kulturråd, og tiltak som budsjettmessig er plasserte på post 78 Ymse faste tiltak under kapitlet 320 Allmenne kulturformål, 322 Billedkunst, kunsthåndverk og offentlig rom, 323 Musikkformål, 324 Scenekunstformål og 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål.

2.5 Oppnemning av styre i knutepunkt

Med utgangspunkt i drøftinga av spørsmålet om knutepunkt i St.meld. nr. 61 (1991-1992) *Kultur i*

tiden, vart det i St.prp. nr. 1 (1996-1997) gjort framlegg om ei ny ordning for oppnemning av styremedlemmer i institusjonar som kjem inn under funksjonsdelinga:

«Gjennomføring av ny styreordning

Det har i 1996 vore arbeidd med å oppnemne statlege styrerepresentantar i tråd med den nye styreordninga som Stortinget har ønskt for dei institusjonane som er med i ordninga. For dei nasjonale institusjonane og region-/landsdelsinstitusjonane vil dette seie at staten no i regelen har styrefleirtal og styreleiar. For knutepunktinstitusjonane inneber det at staten som hovudregel har styreleiar, og i tillegg ein eller to styrerepresentantar.»

Staten hadde ikkje tidlegare sett krav om oppnemning av representantar til styre for institusjonar med statleg støtte.

Oppnemning av styre i knutepunkta vart presisert i St.prp. nr. 1 (2006-2007):

«Staten skal oppnevne styreleder og minst ett styremedlem og vararepresentant for disse. Offentlige myndigheter skal sammen oppnevne et flertall av styremedlemmene.»

Oppnemning av styrerepresentantar er også drøfta i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*. Her heiter det:

«For å styrke den regionale innflytelsen, kan ansvaret for å oppnevne styreleder og eventuelt noen eller alle av styremedlemmene overføres til regionene. Styrene skal påse at forvaltningen av institusjonene skjer etter gjeldene lover og forskrifter og forutseninger for det offentlige tilskuddet. Det må derfor fortsatt vektlegges å oppnevne profesjonelle styrer.»

Stortinget si drøfting av St.meld. nr. 12 (2006-2007) gav støtte til forslaget om å gi regionane større innverknad på dei lokale og regionale kulturinstitusjonane gjennom auka styrerepresentasjon og oppnemning av styreleiar, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007), side 19.

2.6 Knutepunkt

I St.prp. nr. 1 (2007-2008) er det gitt tilskott som knutepunkt til tolv festivalar og festspel innanfor musikk, teater og litteratur, ti av desse på musikkfeltet og ein for kvart av områda scenekunst og litteratur, jf. omtale under pkt. 2.2. *Endringar 1995-2005*, der det blir slege fast at institusjonane med

knutekunststatus innan biletkunstheltet ikkje blir omfatta av dei kriteria for knutepunktoppdrag som denne meldinga legg opp til.

Nedanfor følgjer ein presentasjon av det ein-skilde knutepunktet basert på institusjonen sine vedtekter, årsmelding for 2006 og budsjettsoknad for 2008.

2.6.1 Festspillene i Bergen

Festspillene i Bergen vart stifta 6. november 1951. Det første festspelet vart arrangert i 1953.

Festspillene i Bergen fekk knutepunktstatus frå og med 1995, jf. St.prp. nr. 1 (1994-1995). Tilskotet var i 1995 på 4,5 mill. kroner. Tilskotet til festspela frå Kultur- og kyrkjedepartementet er for 2008 på 15,5 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner.

Festspillene i Bergen er ei stifting med følgjande formål:

«Stiftelsen Festspillene i Bergen har som formål innenfor et bestemt tidsrom å organisere kunstneriske arrangementer på høyt nasjonalt og internasjonalt nivå.

- Arrangementene skal gi et bilde av de beste norske og internasjonale kunstfrembringelser, vesentlig innfor musikk, men også ballett, opera, teater, folklore og andre kunstarter.
- Festspillenes målsetting er å være den fremste norske manifestasjon i sitt slag, med internasjonal gjennomslagskraft.»

Festspillene i Bergen har sidan 2006 blitt presentert med ny kunstnarleg og visuell profil, «Nordiske Impulser». Målet er å bli den viktigaste møte-staden i Norden og Baltikum for utøvande og skapande kunstnarar. Det blir mellom anna lagt vekt på å presentere fleire eigne produksjonar. Festspillene skal presentere eit program med høgast mogleg kvalitet, vere inkluderande og rette seg mot alle. Festspillene skal også i større grad reflektere samtidas kunstuttrykk og vere ein møte-stad for fordjuping.

Rekneskapstala for 2006 viser at driftskostnadene for Festspillene i Bergen for 2006 var på tilnærma 42 mill. kroner. Tilskotet frå Kultur- og kyrkjedepartementet var på 12,5 mill. kroner og det regionale tilskotet var same året på 8,7 mill. kroner. Festspillene hadde 40 233 publikumarar på tilstellingar med billett i 2006 og gjennomførte totalt 194 arrangement.

2.6.2 Festspillene i Nord-Norge

Festspillene i Nord-Norge vart første gang arrangert i 1965. Festspela fekk status som knutepunktinstitusjon i 1995, jf. St.meld. nr. 61 (1991-1992) *Kultur i tiden*. Det statlege tilskotet var på 2,7 mill. kroner. For 2008 er tilskotet frå Kultur- og kyrkjedepartementet på 10,8 mill. kroner til Festspillene i Nord-Norge, inkludert Festspillene-Turné, som tidlegare fekk tilskot frå løyvinga til Landsdelmusikerordningen i Nord-Norge, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner.

Festspillene i Nord-Norge er ei stifting som har til formål å:

- «arrangere årlige festspill
- bidra til å styrke kulturliv og kunstnerisk virksomhet i landsdelen
- reflektere menneskers livsvilkår i Nord-Norge og på Nordkalotten
- være møtested og eksponeringsforum for aktører, organisasjoner og institusjoner innen regionalt, nasjonalt og internasjonalt kulturliv.»

Festspillene i Nord-Norge blir arrangert i juni kvart år. Aktivitetane er i stor grad lokaliserte til Harstad kommune i Nordland, sjølv om det også blir lagt vekt på at aktivitetar vert spreidde over heile landsdelen. Festspelprogrammet baserer seg på eit breitt samarbeid med andre aktørar i og utanfor Nord-Noreg.

Festspillene sin visjon er å vere Nord-Noreg sitt viktigaste kulturarrangement. Ifølgje måldokumentet for 2005-2008 for Festspillene i Nord-Norge er hovudstrategien å lage ein attraktiv festival med nasjonal merksemd og appell, som utfordrar spenningsfeltet mellom det mytiske og det moderne.

Festspillene prøver så langt som råd er å få til ei blanding av regionale, nasjonale og internasjonale kunstnarar og programpostar. Det blir lagt vekt på å utvikle programidear i nært samarbeid med landsdelen sine eigne institusjonar og utøvarmiljø. Det er vidare eit mål å utvikle arrangørkompetansen lokalt. Festspillene har ei omfattande verksemd retta mot barn og unge. Programmet femner om ein eigen Barnas Festival og parallelt med festspela blir ungdomsfestivalen Nuk+ arrangert.

Rekneskapstala for 2006 viser at Festspillene i Nord-Norge i 2006 hadde driftskostnader på 13,6 mill. kroner. Det statlege driftstilskotet utgjorde 7 mill. kroner og det regionale 3 mill. kroner.

Talet på publikum på tilstellingar med billett i 2006 var 15 320, fordelt på totalt 149 arrangement.

2.6.3 Olavsfestdagene i Trondheim

Dagens festival fører vidare tradisjonen frå Olavsfestdagene som starta opp i 1962. Olavsfestdagene blir haldne i Trondheim i juli kvart år og fekk knutepunktstatus i 1999, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (1998-1999). I 1999 var det statlege tilskotet på 3,2 mill. kroner. For 2008 er tilskotet frå Kultur- og kyrkjedepartementet på 6,3 mill. kroner til Olavsfestdagene i Trondheim, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjonar.

Av vedtektene går det fram at:

«Stiftelsen Olavsfestdagene i Trondheim har til formål å gjenreise og styrke Trondheim som et nasjonalt kirkelig og kulturelt kraftsentrum.

Stiftelsen skal hvert år arrangere Olavsfestdagene i Trondheim i tilknytning til Olsok.

Stiftelsen skal arrangere kurs i kammermusikk og tidlig musikk og videreutvikle kirkelige og kulturelle arrangement i byen, og initiere og engasjere seg i nye tiltak i pakt med stiftelsens formål.

Som knutepunktinstitusjon skal Olavsfestdagene i Trondheim videreføres med vektlegging på konserter, folkelivsprogram, utstillinger, kurser, familieprogrammer og den kirkelige Olsokfeiringa i Nidarosdomen, herunder pilegrimsvandringar.»

I løpet av Olavsfestdagane blir det arrangert ei rekkje konsertar innan ulike musikksgangrar. Det blir også arrangert seminar, konferansar, pilegrimsvandringar, gudstenester og egne aktivitetar for barn og unge. Olavsfestdagane si historiske forankring er dyrkinga av Olav den heilage. Pilegrimar frå mange land vitjar pilegrimsmålet Nidarosdomen under festivalen, som er eitt av få pilegrimsmål i Nord-Europa.

I handlingsprogrammet for 2000-2010 heiter det at Olavsfestdagane vil utvide samarbeidet med kyrkjemusikarar, sette kyrkjeopera inn i programmet, styrkje barneprogramma og vidareutvikle pilegrimssatsinga. Saman med Trondheim kommune vil samarbeidet med dei andre festivalane i regionen bli styrka. Det er vidare eit ønske om å samle kurs-, foredrag- og seminarverksemda i eit eige «St. Olav akademi».

Rekneskapstala for 2006 viser at Olavsfestdagene i 2006 hadde driftskostnader på 28,7 mill. kroner. Det statlege driftstilskotet utgjorde 4,9 mill. kroner og det regionale 3,3 mill. kroner. Ta-

let på publikum på tilstellingar med billett i 2006 var 43 117 fordelt på totalt 135 arrangement.

2.6.4 Molde International Jazz Festival

Jazzfestivalen i Molde vart arrangert for første gong i 1961 og skal vere den eldste jazzfestivalen i Europa som har vore i kontinuerleg drift.

Festivalen fekk knutepunktstatus i 2000, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (1999-2000). Det statlege tilskotet utgjorde då 1,7 mill. kroner. For 2008 er tilskotet på 4,6 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap.323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjonar.

I vedtektene for stiftinga heiter det at:

«Stiftelsen Molde International Jazz Festival er en ideell organisasjon med formål å øke kunnskap om og interesse for jazz og beslektede kunstuttrykk. Dette søkes primært oppnådd ved å arrangere en årlig jazzfestival forankret i jazz fra fortid, nåtid og fremtid, med vekt på samtidsmusikalske uttrykk fra inn- og utland.

Stiftelsen skal videre stimulere til jazzrelaterte aktiviteter lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Lokalt skal Stiftelsen blant annet bidra med teknisk, administrativ og/eller økonomisk bistand ved arrangement og andre aktiviteter utenom jazzfestivalen.»

Molde International Jazz Festival legg i sitt program vekt på å få fram utviklinga i norsk og internasjonal jazz. Ambisjonen til festivalen er å presentere det ypparste frå den internasjonale jazzscena og at alle stilartar innanfor jazzen skal vere representerte. Like eins skal programmet inkludere ulike generasjonar jazz, innåtvend og utåtvend jazz, kjente og ukjente namn, prosjekt og faste band, europeisk og amerikansk jazz. I festivalen inngår eit «Artist in Residence»- program der det blir veksla mellom internasjonalt kjende musikarar og unge norske musikarar som fortener særskild merksemd. Det blir vidare lagt vekt på prosjekt i samarbeid med andre profesjonelle formidlingsinstitusjonar i Molde. Festivalen har eit stort internasjonalt nettverk og tek del i samarbeid om booking og erfaringsutveksling. Årleg har festivalen eit stort innslag av konsertar for barn og unge og samarbeider internasjonalt om presentasjon av unge utøvarar på sentrale festivalar.

Rekneskapstala for 2006 viser at Molde International Jazz Festival i 2006 hadde ein samla driftskostnad på 21,8 mill. kroner. Det statlege tilskotet var på 4,2 mill. kroner og det regionale driftstilskotet på 2,8 mill. kroner. Totalt tal på publikum var 27 801 fordelt på 141 arrangement.

2.6.5 Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vart arrangert første gong i 1990. Festivalen held til i Førde i Sogn og Fjordane og er ein årleg festival i juli månad. Festivalen fekk knutepunktstatus i 2005, jf. St.prp. nr. 1 (2004-2005) med eit statleg tilskot på 2 mill. kroner. For 2008 er tilskotet på 3,2 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner.

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er ei ideell stifting som har i oppgåve å gjennomføre ein internasjonal folkemusikkfestival i Førde kvart år.

Målet er

- «å fremje kunnskap om og interesse for norsk og internasjonal folkemusikk og dans gjennom konsertar, kurs og andre tiltak
- å vere med på å auke generell kunnskap om andre lands kultur og medverke til fred og forståing mellom ulike folk og nasjonar ved å gjere Førde og Sogn og Fjordane til ein møtestad for utøvarar frå heile verda

Den årlege festivalen skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald. I tillegg knytast andre kulturuttrykk og aktivitetar til arrangementet, som kan sjåast i naturleg samanheng med hovudformålet. Stiftinga kan òg stå for arrangement i samsvar med hovudformålet andre stader i fylket og utanom tida for sjølve festivalarrangementet.»

Festivalen engasjerer artistar frå fleire land og kulturar og sikrar gjennom det at ulike musikalske uttrykk vert presenterte. Dette omfattar både spel, song og dans saman med ulike stilretningar innanfor etniske musikkuttrykk. Festivalen har eit variert programtilbod som spenner frå konsertar og dansetilstellingar til kurs, musikkverkstader og andre kunstuttrykk som biletkunstutstillingar og filmframsyningar.

I tillegg til tiltak retta spesielt mot barn og unge legg festivalen til rette for tiltak på tvers av generasjonar. Festivalen tek også del i samarbeidsprosjekt med skoleverket og med kulturskolane i regionen om kurs året igjennom. Festivalen har gjennom fleire år hatt samarbeid med Sogn og Fjordane Teater om å få fram nye sceneproduksjonar med norsk folkemusikk og folkedans. Festivalen er også med i konsertverksemd gjennom heile året.

Rekneskapstala for 2006 viser at Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i 2006 hadde driftskostnader på 6,9 mill. kroner. Det statlege tilskotet utgjorde 2 mill. kroner og det regionale 1,4 mill. kroner. Talet på publikum på tilstellingar med billetter var 14 295 i 2006, fordelt på 102 arrangement.

2.6.6 Ultima Oslo Contemporary Music Festival

Ultima Oslo Contemporary Music Festival vart arrangert for første gong i 1991. Festivalen blir arrangert i oktober kvart år i Oslo. Ultima fekk knutepunktstatus i 2006 med 3,5 mill. kroner i statleg tilskot, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006). For 2008 er tilskotet på 3,8 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner.

Stiftinga sine vedtekter seier at:

«Stiftelsen ULTIMA Oslo Contemporary Music Festival skal ha til formål å arrangere en årlig internasjonal samtidsmusikkfestival på høyt kunstnerisk nivå i Oslo.»

Ultima ønskjer å fremje kunstnarleg utvikling og fornying ved å vere eit møtepunkt for leiande norske og internasjonale kunstnarar innanfor samtidsmusikken og relaterte kunststartar. Målet er å stimulere til nyskaping og gi høve til lansering og utvikling for unge talent. Vidare er det eit mål å søkje etter nye presentasjonsmåtar for kunst og gi rom for generasjonsoverskridande produksjonar. Ultima har eit råd med representantar frå atten institusjonar som samla representerer eit breitt utval institusjonar innanfor kunst, utdanning og informasjon, og som stiller ressursar til rådvelde for den årlege festivalen. Ultima arrangerer Master Class i komposisjon for studentar ved Norges musikkhøgskole. Gjennom Ultima Ung blir norske og utanlandske utøvarar presenterte.

I dei seinare åra har pedagogiske aktivitetar for dei yngste vore ei viktig satsing. Dei siste ti åra har Ultima Film med serien *Dans for Kamera* regelmessig stått på programmet, og har blitt eit viktig innslag i festivalprogrammet. I tillegg kjem konferansar og seminar. Ultima har eit omfattande samarbeid blant anna innanfor nettverket Réseau Varèse og European Festivals Association.

Rekneskapstala viser at festivalen i 2006 hadde driftskostnader på 7,6 mill. kroner. Det statlege tilskotet var på 3,5 mill. kroner og det kommunale på 2,3 mill. kroner. Talet på publikumarar på til-

stellingar med billetter var 9 392, fordelt på 47 arrangement.

2.6.7 Festspillene i Elverum

Festspillene i Elverum vart etablert i 1973 og blir arrangert i august kvart år. Dei fekk knutepunktstatus i 2006 med eit statleg tilskot på 1,6 mill. kroner, St.prp. nr. 1 (2005-2006). For 2008 er tilskotet på 1,7 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner.

I vedtektene for stiftinga heiter det at

«Stiftelsen har som formål å arrangere festspill ved å gi et kvalitetstilbud innen musikk og andre kunstarter på et høyt kunstnerisk nivå. Det legges særlig vekt på presentasjon av unge talentfulle og lovende kunstnere.»

I strategiplanen for Festspillene i Elverum 2006-2010 er målet å presentere minneverdige opplevingar på høgt kunstnarleg nivå innanfor musikk og andre utvalde kunstartar. Det inneber at Festspillene i Elverum skal arbeide for at publikum, sponsorar og utøvarar oppfattar dei som ein attraktiv, spanande og velrenommert kulturinstitusjon, og vere ei inspirasjonskjelde for unge kunstnarar i Norden. Dei unge kunstnarane skal her møte interesse for sitt talent og bli sette i stand til å utvikle seg vidare i samspel med profesjonelle kunstnarar. Festspillene skal vere ein kulturinstitusjon som blir støtta og opplevd som ein møteplass og vekstimpuls for kulturliv, folkeliv og næringsliv, spesielt reiseliv i innlandet og i media, både nasjonalt og internasjonalt. Festspillene ønskjer samarbeid med underleverandørar og samarbeidspartnarar som er opptekne av å levere produkt og tenester med høg kvalitet. Arrangementa skal finne stad i innlandet i Noreg, med eit kunstnarleg og geografisk tyngdepunkt i Elverum.

«Ungdomssymfonikerne» har sine sommarsamlingar under Festspillene i Elverum. Orkestret blir sett saman på nytt kvart år og rekrutterer om lag 100 musikkstudentar frå heile Noreg i tillegg til nordiske og europeiske studiestader.

Rekneskapstala for 2006 viser at dei totale driftskostnadene var på 5,4 mill. kroner. Det statlege tilskotet var på 1,6 mill. kroner. Regionalt tilskot var på 1,1 mill. kroner. Talet på publikumarar på tilstellingar med billetter var 10 306 i 2006, fordelt på 36 arrangement.

2.6.8 Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene

Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene vart etablert i 1995. Festivalen er lokalisert til Lillehammer og fekk status som knutepunkt frå 2006 med eit statleg tilskot på 1,3 mill. kroner. Det statlege tilskotet kjem via Maihaugen, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006) kap. 328 Museums- og andre kulturvernformål, post 70 Det nasjonale museumsnettverket. I 2008 er tilskotet på 1,6 mill. kroner.

I vedtektene for festivalen heiter der:

«Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene er en alminnelig stiftelse med ideell karakter. Stiftelsens formål er å gjennomføre en fast årlig kultursatsing med sikte på å øke kunnskapen om og interessen for norsk litteratur, nasjonalt og internasjonalt. I tillegg skal festivalen presentere internasjonal litteratur og forfattere.

Stiftelsen skal stå ansvarlig for gjennomføringen av Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene på Lillehammer i et nært samarbeid med det litteraturfaglige miljøet i Norge skal arrangeres:

Seminarer for norske og utenlandske forfattere og fagfolk, åpne arrangement for litteraturinteresserte og andre tiltak for å styrke festivalen i kontakt med et bredt publikum.»

Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene er Noregs største litteraturfestival med hovudvekt på norsk samtidslitteratur og samspelet mellom litteratur og samfunn. Dei siste åra har festivalen fått ein meir internasjonal profil. I 2007 var det særleg fokus på Norden. Festivalen har hovudvekt på litterære program (forfattarmøte, opplesingar, samtalar, foredrag) i tillegg til konsertar, film og utstillingar. I 2007 auka satsinga på barn og unge med eit eige program kalla Pegasus.

Rekneskapstala for 2006 viser at festivalen det året hadde eit totalt driftsbudsjett på ca. 4. mill. kroner. Av dette var 1,3 mill. kroner tilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet og 0,5 mill. kroner frå regionen. I 2006 vitja om lag 17 000 personar festivalen. Talet på arrangement var 135.

2.6.9 Notodden Blues Festival

Notodden Blues Festival vart etablert i 1988 og blir arrangert på Notodden i august kvart år. I statsbudsjettet for 2007 vart det lagt inn 1,5 mill. kroner til ein bluesfestival, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner. I august 2007 vart det gjort kjent at

Notodden Blues Festival ville bli foreslått som knutepunktinstitusjon. I 2008 er tilskotet på 1,6 mill. kroner.

I vedtektene for festivalen heiter det at:

«Notodden Blues Festival har som formål å fremme blues som musikkform i Norge. Festivalens visjon lyder: Notodden Blues Festival – Europas største bluesopplevelse.»

Notodden Blues Festival er i dag eit medlemslag, men vil bli organisert som ei stifting. I 1992 vart Stiftelsen Notodden Blues Festival skipa med det formålet å bidra økonomisk til å sikre drifta av festivalen. Den praktiske gjennomføringa av festivalen er basert på dugnadsinnsats frå frivillige gjennom ulike lag. Festivalen har som målsetting å spreie blues som musikkform til nye målgrupper, sørge for utvikling og nyskaping innanfor sjangeren, oppretting av ein eigen norsk rekrutteringscene under festivalen og styrkje Notodden Blues Festival som eit europeisk tyngdepunkt innanfor bluesrelaterte aktivitetar. Dette vil skje gjennom ein seriøs fagleg og musikalsk profil og satsing på nyskaping og næringsutvikling.

Notodden Blues Festival er representert i styret for interesseorganisasjonen Blues Foundation. Gjennom vennsbyen Clarksdale i Mississippi, USA, samarbeider festivalen med utveksling av musikarar og dokumentasjon av bluesområdet. Notodden Blues Festival har dei to siste åra hatt eit offisielt samarbeid med staten Mississippi gjennom deira Tourism Division.

Rekneskapstala for 2006 viser at festivalen det året hadde driftskostnader på vel 12 mill. kroner. Det statlege tilskotet var på 0,9 mill. kroner, kanalisert gjennom Norsk kulturfond. Det regionale tilskotet utgjorde 0,6 mill. kroner. Festivalen selde 23 000 billetter i 2006. Talet på publikumarar var 42 000.

2.6.10 Per Gynt-stemnet

Per Gynt-stemnet går tilbake til 1928 og blir arrangert i august kvart år i friluft ved Gålåvatnet i Oppland. Per Gynt-stemnet har fått statleg tilskot frå Norsk kulturråd under kap. 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskudd til tiltak under Norsk kulturråd. Per Gynt-stemnet vil ha knutepunktstatus frå 2008 med eit statleg tilskot på 2,5 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 324 Scenekunstformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner.

I tillegg til teateroppsettinga og danseframvisningar femner stemnet mellom anna om fjellkonsert, kunstutstilling, kåseri og foredrag. Scene-

framvisninga av Peer Gynt er hovudarrangementet under stemnet som blir gjennomført med hjelp av lokale aktørar, vaksne og barn og ungdom frå amatørteatermiljøet i regionen. Hovudrollene blir spela av skodespelarar frå dei profesjonelle hovudscenene i landet.

I samband med Ibsen-året 2006 vart det også sett opp ei grensesprengjande danseframvisning med unge, lovande profesjonelle dansarar i lag med lokale utøvarar i ekstremsport og luftakrobatikk.

Det statlege tilskotet til Per Gynt-stemnet var i 2006 på 1,5 mill. kroner. Det regionale tilskotet utgjorde 1,6 mill. kroner. Talet på arrangement i 2006 var 88. Talet på publikumarar var 60 000.

2.6.11 Stiftelsen Horisont/Mela

Festivalen Mela vart etablert av Norsk kulturråd i 2000, og den første festivalen vart halden same året. Festivalen blir no arrangert i Oslo i august kvart år med Stiftelsen Horisont som ansvarleg arrangør. Stiftelsen Horisont/Mela har motteke fast årleg tilskot frå Norsk kulturråd under kap. 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskudd til tiltak under Norsk kulturråd. I tillegg har Stiftelsen Horisont motteke prosjektstøtte frå fleire departement til gjennomføring av festivalen. Stiftelsen Horisont/Mela har knutepunktstatus frå 2008 med eit statleg tilskot på 3 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2007-2008) kap. 323 Musikkformål, post 72 Knutepunktinstitusjoner, og i tillegg 0,5 mill. kroner frå Utanriksdepartementet.

«Stiftelsen Horisont skal arbeide for:

- kompetanseheving og økt deltakelse av minoriteter i kunst- og kulturlivet
- utvikling av nye metoder i kulturutveksling, primært med de land norske etniske minoriteter kommer fra
- å ta i bruk offentlige arenaer som kulturelle møteplasser mellom minoriteter og majoritet.»

Gjennom året samarbeider Stiftelsen Horisont med kunstnarar med minoritetsbakgrunn, etablerte offentlege arenaer og organisasjonsliv som ønskjer å prioritere kulturelt mangfald. Dette skjer gjennom seminar, foredrag, konsertar, utstillingar, publikasjonar og rådgjeving.

Det sentrale elementet i verksemda er festivalen Mela. Mela tyder «møteplass» og har røter i Sør-Asia. I si moderne form er Mela ein festival basert på kunstnarlege og kulturelle uttrykk,

buer med mat og informasjon og varer av ulike slag. Dei fleste av arrangementa er gratis.

I 2006 fekk Stiftelsen Horisont/Mela eit samla statleg tilskot frå ulike departement på 3,3 mill. kroner, av dette 0,9 mill. kroner frå Kultur- og kyrkjedepartementet via Norsk kulturråd. Då Mela vart arrangert i 2006, samla festivalen om lag 300 000 menneskje.

2.6.12 Knutepunkt for rock

I St.prp. nr. 1 (2006-2007) er det lagt inn midlar til ein knutepunktfestival for rock. I desember 2007 har Øyafestivalen i Oslo får tilbod om knutepunktstatus. Knutepunktstatusen gjeld frå og med 2008 og inneber at festivalen vil få 1,5 millionar kroner i statleg støtte. Dei formelle vilkåra for knutepunktstatusen er venta å bli avklart i byrjinga av 2008 og på bakgrunn av dialog med festivalen og med Oslo kommune som har vore positivt innstilt til knutepunktstatus for festivalen.

3 Høring om justerte kriterium for og vurdering av knutepunktoppdrag

3.1 Innleiing

Forslag til presisering av kriterium for knutepunktstatus vart med brev dagsett 22. juni 2007 lagt fram for institusjonane som hadde knutepunktstatus ved høyringstidspunktet og deira offentlege tilskotspartar.

Institusjonane er: Festspillene i Bergen, Festspillene i Nord-Norge, Festspillene i Elverum, Olavsfestdagene i Trondheim, Molde International Jazz Festival, Ultima Oslo Contemporary Music Festival, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Nordnorsk kunstnersenter/Lofoten Internasjonale Kunstfestival LIAF, Norsk Litteraturfestival – Sigrud Undset-dagene og Kortfilmfestivalen i Grimstad.

Ei samla liste over dei i alt 30 høyringsinstansane følgjer som vedlegg til meldinga.

3.2 Forslag til presisering av kriterium for knutepunktoppdrag – høyringsutkast

I høyringsbrevet dagsett 22. juni 2007 er det foreslått følgjande kriterium for knutepunktoppdrag:

«Virksomheter som har status som knutepunktinstitusjoner skal ha en klar regional og lokal forankring og samtidig kunne påta seg et nasjonalt kulturansvar innenfor sin sjanger.»

3.2.1 A. Mål- og resultatkriterier

Knutepunktinstitusjonene vil bli vurdert i henhold til de generelle målene for kulturområdet om:

1. Kunstnerisk aktivitet og publikumsutvikling
2. Utvikling av kunstnerisk kvalitet og egenart
3. Ressursutnyttelse.

I tillegg vil det for knutepunktinstitusjoner settes krav om å være:

- kunstnerisk ledende innenfor sin sjanger

- kompetansesenter for regionalt kulturliv samt små/mindre etablerte festivaler innen egen sjanger

og å ha:

- regional og lokal tilknytning gjennom finansiering og annen medvirkning
- internasjonalt rettet virksomhet og synlighet ut fra festivalens egenart
- publikumsrettede tiltak gjennom året, eventuelt i samarbeid med andre aktører.

Oppdraget skal være langsiktig, men basert på evaluering hvert femte år. God geografisk spredning av knutepunktoppdragene tillegges noe vekt.

3.2.2 B. Vurdering av gjennomføring av knutepunktoppdrag

Eksisterende knutepunktinstitusjoner skal gis rimelig tid til å omstille seg. Første evaluering bør derfor først gjennomføres et par år etter at revurderte krav er fastsatt.

Den konkrete vurderingen av knutepunktoppdrag tenkes gjennomført i tre ledd:

1. Et første ledd der vurderingskriteriene er gjeldende mål- og resultatkriterier for knutepunktvirksomhetene og oppnådde resultater – for eksempel de siste tre årene iht. målene 1. Kunstnerisk aktivitet og publikumsutvikling og 3. Ressursutnyttelse, jf. pkt. A over.
2. Som et neste ledd i en slik kartlegging kan det legges inn en vurdering av om/hvordan den enkelte institusjon ivaretar noen av de funksjonene som ligger i knutepunktoppdraget i form av kompetansesenter, internasjonal profil, helårig drift mv., jf. pkt. A ovenfor.
3. Et tredje ledd kan være en analyse av oppnådde resultater iht. mål 2) Kunstnerisk kvalitet og egenart, herunder programmets bredde og kvalitet, evne til nyskaping, profil og særegenhet, jf. pkt. A over. I tillegg kan det være av interesse å få en vurdering av institusjonenes omdømme i media. Dette kan foretas ved en

gjennomgang og analyse av institusjonenes programmer (de siste tre årene) og på bakgrunn av anmeldelser og annen omtale i media.

Del 1 og 2 gjennomføres på bakgrunn av institusjonenes årlige rapportering med tillegg av utfyllende opplysninger fra institusjonene. Kunstfaglig kompetanse er nødvendig for deler av vurderingen.

3.2.3 C. Prosess

Gjennomgangen skal foretas i åpenhet overfor de institusjonene som omfattes av opplegget. Den enkelte institusjon må bidra med opplysninger til gjennomgangen og må bli invitert til en dialog sammen med de regionale bidragsyterne om resultatene og departementets forslag til oppfølging.

Departementet vil ved starten av en gjennomgang gi klare signaler om mulige konsekvenser av gjennomgangen med hensyn til budsjettmessig status og finansieringsordning. Det vil imidlertid være klart urimelig på kort sikt å endre status og finansiering for festivaler/festspill som har god måloppnåelse med hensyn til de etablerte mål- og resultatkravene, men ikke oppfyller de nye kravene i knutepunktbegrepet ved første gangs evaluering. Som nevnt ovenfor bør derfor første evaluering gjennomføres et par år etter at de nye kravene er besluttet.

Institusjoner som har mangelfull måloppnåelse og/eller ikke har utviklet knutepunktfunksjoner bør få mulighet til omstilling innenfor en tilmålt tid på 2 år. Mangelfull omstilling bør medføre en forutsigbar nedtrapping av det statlige tilskuddet, f. eks. over to år. Festivalen vil etter dette kunne søke festivalstøtte.»

3.3 Samandrag av høyringsfråsegner

3.3.1 Innleiing

Departementet fekk inn 25 høyringsfråsegner frå ti festivalar og femten kommunar og fylkeskommunar.

Høyringsinstansane er generelt positive til ei klargjering av kriterium som institusjonane skal oppfylle for å ha knutepunktstatus, og meiner slike kriterium er nyttige. Det er vidare gjennomgåande tilslutning til at knutepunkta skal ha regional

og lokal tilknytning i tillegg til internasjonalt retta verksemd som gjer dei synlege i utlandet.

Enkelte høyringsinstansar har foreslått å tildele nye knutepunkttoppdrag til namngjevne festivalar. Slike forslag blir ikkje drøfta i denne meldinga.

Ein av høyringsinstansane har teke til orde for at knutepunkta blir definerte som nasjonale institusjonar. Meldinga legg ikkje opp til å endre finansieringsansvaret for knutepunkta.

Fylkeskommunane Nordland, Hedmark, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, saman med Førde kommune gav si tilslutning til høyringsutkastet slik det låg føre.

3.3.2 Mål- og resultatkraterium

Punkta 1-3 om Kunstnarleg aktivitet og publikumsutvikling, utvikling av kunstnarleg kvalitet og eigenart saman med ressursutnytting i punkt A i høyringsframlegget er ei forkorta framstilling av dei mål- og resultatkraterium som festivalar og festspel med knutepunktstatus rapporterer til departementet etter i dag. Desse kriteria er fastsette etter dialog med Norsk teater- og orkesterforening.

Det er ikkje kome fram vesentlege forslag til endring av punkta 1-3 i høyringskriteria.

Fylkeskommunane og kommunane gir i hovudsak si tilslutning til dei mål- og resultatkrateria det er gjort framlegg om.

Bergen kommune ser

«... flertallet av de foreslåtte presiseringer til «knutepunkttoppdrag» som hensiktsmessige krav til større kulturinstitusjoner...»

Hordaland fylkeskommune er

«... samd i at ei innstramming av kriteria for knutepunkttoppdrag vil kunne medverka til ei revitalisering, slik at knutepunktinstitusjonane i større grad vil kunna få den rolla nasjonalt og internasjonalt som dei var tiltenkte.»

Festpillene i Elverum peiker i si fråsegn på at

«De generelle mål for kulturområdet som ligger til grunn for vurderingen synes som både relevante og naturlige, og vi oppfatter at dagens rapportering er innrettet på å få sett virksomheten opp mot disse målene.»

Merknader frå institusjonane er i hovudsak knytte til omgrep som blir oppfatta som upresise.

Ultima Oslo Contemporary Music Festival meiner at

«...«Kunstnerisk aktivitet» i denne sammenheng kan forstås på flere måter: a) kvalitativt – holder virksomheten forventet nivå, b) kvantitativt – er virksomheten riktig dimensjonert og c) publikumsutvikling – når vi et stort nok publikum. For oss som arbeider med moderne kunst vil det alltid være kunstverket selv som står i sentrum...»

Molde International Jazz Festival ser kunstnarleg aktivitet

«...først og fremst som et mål for den kvantitative aktiviteten på festivalen (...) En kvantitativ analyse er viktig, men mål og resultatkriterier må ikke låses slik at en ikke kan gjøre strukturelle endringer for festivalen.»

Vidare er dei opptekne av at

«festivalopplevelsen er sammensatt for publikum. (...) ...Det er viktig å arbeide med alle disse dimensjonene i utviklingen av festivalen.»

Både *Ultima Oslo Contemporary Music Festival* og *Molde International Jazz Festival* meiner at kriteriet «Utvikling av kunstnerisk kvalitet og egenart» er vanskeleg å definere og måle.

I høyringsframlegget er det i tillegg foreslått at knutepunktoppdraget skal medføre at institusjonane skal vere kunstnarleg leiande innanfor sin sjanger, fungere som kompetansesenter for regionalt kulturliv og små eller mindre etablerte festivalar innanfor eigen sjanger. I tillegg skal dei ha regional og lokal tilknytning gjennom finansiering og annan medverknad, ha internasjonalt retta verksemd og vere synlege ut frå festivalen sin egenart og publikumsretta tiltak gjennom året, eventuelt i samarbeid med andre aktørar.

Høyringsfråsegnene gir brei tilslutning til at knutepunkta skal vere kunstnarleg leiande innanfor sin sjanger. Nokre av fråsegnene peiker på at sjangeromgrepet er vidt og dermed til hinder for spesialisering. Andre instansar gir uttrykk for at kravet om å vere kunstnarleg leiande kan verke avgrensande for dei festspela som har som formål å formidle eit mangfald av uttrykk og sjangrar.

Nordnorsk kunstnersenter meiner:

«Det upresise grunner dels i mangelen på geografisk avgrensning, dels i kriteriene for hva som er kunstnerisk ledende. Til det første: er

det snakk om å være ledende regionalt, nasjonalt eller internasjonalt? Det er vanskelig å tenke seg at en knutepunktinstitusjon kan spille en ledende rolle i konkurranse med store, internasjonale og nasjonale aktører. Kravet om å være kunstnerisk ledende kan tolkes som uttrykk for en oppfatning av kunsten som et hierarki, der noen står øverst. Etter vår mening er det viktigere å legge vekt på pkt. A 2. der kunstnerisk egenart vektlegges. Dette åpner for et mangfold av retninger og variasjon innen kunstfeltet. Egenart er også noe knutepunktinstitusjonene har en mulighet til å få, ut fra en regional forankring, i samspill med det regionale, det nasjonale og internasjonale.»

Festspillene i Nord-Norge meiner at :

«Så lenge det er snakk om sjangerspesifikke festivaler, er dette et tydelig og uproblematisk krav. For Festspillene i Nord-Norge blir punktet mer problematisk ettersom mangfold og bredde er våre fremste kjennetegn. Vi jobber innenfor alle typer musikk, scenekunst, billedkunst, litteratur og film. Det er ikke naturlig å skulle være kunstnerisk ledende innen hele, eller deler av dette feltet, så lenge det finnes sjangerspesifikke festivaler innen alle disse kunstuttrykkene i vår region.»

Ultima Oslo Contemporary Music Festival si vurdering er at

«...det er en hyggelig målsetning, men genrene behandles så ulikt at det blir som å sammenlikne helt ulike størrelser. Dersom det er politisk vilje til å oppruste ressursene rundt samtidsmusikken, og dersom det blir definert slik at Ultima er den organisasjon som skal settes i stand til å gjennomføre dette, så skal vi selvsagt ta på oss den oppgaven.»

Troms fylkeskommune meiner at

«Kunstnerisk kvalitet og egenart må være gjeldende der hvor en kan vise til bredde og kvalitet i programmet og evne til nyskaping, profil og særegenhet. Og at dette også må gjelde de som er sjangerovergripende.»

Oslo kommune meiner på si side at kravet om å vere kunstnarleg leiande vil

«...bidra til å styrke kontaktnett og omdømme innen den aktuelle sjanger i utlandet.»

Eit sentralt punkt i fråsegnene er kravet om at knutepunktfestivalar og festspel skal vere kompetansesenter for regionalt kulturliv og små eller

mindre etablerte festivalar. I høyringsfråsegnene frå fleire institusjonar blir det mellom anna gjort greie for samarbeid med regionale arrangørar og produsentar om konsertar, turnéproduksjonar og tiltak for barn og unge. Slike samarbeidsformer skal etter høyringsfråsegnene ha utgangspunkt i verksemda sine eigne behov og er sett på som nyttige.

Molde International Jazz Festival meiner det er eit svært viktig og riktig krav, men

«...Det kan imidlertid være begrensninger som kan berøre konkurransen festivalene i mellom. (...) Vi har over lengre tid hatt et samarbeid med Midtnorsk jazzsenter og deres ensemble Trondheim Jazzorkester og Trondheim Voices om konserter på festivalen. Vi samarbeider tett med Teatret Vårt, Kunstner-sentret Møre og Romsdal og Bjørnsonfestivalen og håper å kunne etablere oss i et felles nytt hus i løpet av 2010. Gjennom et årlig møte for norske jazzfestivaler deler vi kunnskap og kompetanse med øvrige jazzfestivaler og gjennom organisasjonen Norske Festivaler deler vi kunnskap på tvers av sjangergrensene. For de fleste jazzfestivalene har vi også en avtale om akkreditering av medarbeidere som gis anledning til å studere festivalen fra innsiden. I tillegg inviteres vi til festivaler for å orientere om vår virksomhet og vi svarer jevnlig på henvendelser om de fleste sider av vår virksomhet.»

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival uttaler:

«Men vi trur det er viktig å sjå på realiteten når det gjeld festivalar i høve til andre knutepunkt-institusjonar. Festivalane står i stor grad i ein konkurransesituasjon i høve til andre arrangørar både innanfor same region og innanfor same bransje, både når det gjeld publikum, mediemerksemd, sponsorar og til dels artistar. Dei opererer som oftast i skjeringspunktet mellom det offentlege og det privat bedriftsøkonomiske, både når det gjeld økonomi og i måten verksemda vert drevet på. Kompetanse ein har brukt lang tid og store ressursar på å utvikle gjennom mange år, er festivalens fortrinn og suksesskriterium i høve til andre arrangørar som opererer i same marknaden, og det er ikkje uproblematisk om ein vert pålagt å formidle denne kompetansen til andre. Det er derfor trong for å gå opp nokre linjer for kva som er rimelege service- og støttefunksjonar som knutepunktfestivalen skal og bør yte, og kva som er forretningsfortrinn som ein ikkje kan vente skal kunne gjevast aktørar som kan opp-

fattast som konkurrerande. Det enklaste her er å overlata til festivalane å avgjere omfang og type når det gjeld slike tenester.»

Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene meiner at ei slik oppgåve

«...krever ...en større personalressurs enn vi har» og understrekar at «Festivalene må ellers – store som små – utvikle sin egen profil, uten for stor innvirkning fra en festival.»

Festspillene i Nord-Norge meiner

«Kompetanseflyt er viktig, og det er rimelig å forvente at statlig støttede knutepunkt deler sin kunnskap med mindre aktører i regionen, eller innen sin sjanger». Samtidig tar dei til orde for «viktigheten av styrking av nettverksorganisasjonen «Norske Festivaler». Dette er et velegnet forum for faglig utvikling for festivalfeltet, og kompetanseutveksling festivalene i mellom.»

Festspillene i Bergen meiner at

«Som Norges største kulturarrangement ønsker Festspillene å være en naturlig foregangs-festival og kompetansesenter for andre festivaler. Når Festspillene lykkes i sin satsing på egne produksjoner, internasjonal markedsføring og pressearbeid, viser vi også vei for andre organisasjoner med tilsvarende ambisjoner. Festspillene samarbeider allerede tett med lokale og regionale institusjoner på flere nivå, men er likevel skeptisk til kravet om forpliktende samarbeid. Festspillene legger mye ressursar i å opparbeide rutiner og kompetanse som skal styrke vår genuine profil og vår posisjon som den ledende festivalen i Norden og Baltikum. Svært ofte er kompetanseutveksling mellom ulike organisasjoner og institusjoner gjensidig nyttig. Slikt samarbeid har Festspillene lange tradisjoner for, men det er viktig at et krav til samarbeid ikke svekker institusjonenes særpreget og integritet.»

Regionale tilskotsparter er gjennomgåande meir positive til ein slik funksjon enn institusjonane.

Hordaland fylkeskommune

«meiner at institusjonane og må målast på korleis dei inngår i nettverk og deler kompetanse, ikkje berre med andre knutepunktinstitusjonar, men og med andre kulturaktørar og styresmaktar.»

På den andre sida uttaler *Bergen kommune*:

«Fundamentalt sett er festivaler kunstnerstyrte produsenter av et tidsmessig avgrenset program, som er i konkurranse – særlig kunstnerisk – med andre festivaler. Bergen kommune ser ikke bort ifra at det er sider av knutepunkt-festivaler som kan egne seg til en kompetansesenterrolle, men mener at dette ikke omfatter kunstnerisk profil, eller annen kompetanse som bidrar til den enkelte festivalens særegenhet. Her er festivalene i konkurranse og må kunne velge sine samarbeidspartnere uavhengig av ett geografisk ansvar.»

Like eins uttaler *Lillehammer kommune* at

«...Det er noe uklart om det er tenkt at knutepunktinstitusjonene skal være et kompetansesenter på sitt fagfelt, eller om den skal kunne bidra generelt med alt fra logistikkspørsmål til hjelp med administrasjon. Ser man for seg et utvidet ansvar vil dette selvfølgelig være positivt for lokale aktører, men vil kunne utarme det faglige kjernearbeidet i knutepunktinstitusjonen. Det kan være naturlig at knutepunkt-festivalene tillegges nasjonale/regionale kompetansefunksjoner innen sjangre. Det kan for eksempel være aktuelt at vår knutepunkt-festival kan være nasjonalt kompetansesenter for barn og unge e.l. På noen områder kan de være ressurs for andre, men ikke slik at andre festivaler «mister» noe av sin kunstneriske integritet.»

Høyringsinstansane er delte i si innstilling til kriteriet

«publikumsrettede» tiltak gjennom året, eventuelt i samarbeid med andre aktører.»

Fleire festivalar og festspel er positive til slik verksemd. Nokre av dei seier at slik verksemd har som føresetnad eksterne midlar eller auka økonomiske rammer frå staten. Andre peiker på at slik verksemd ikkje må erstatte det lokale mangfaldet av klubbar og arrangørar, og vidare at det ligg i festivalane sin natur å vere tidsavgrensa.

Festspillene i Bergen skriv:

«Det ligger til en festivals natur å være en begivenhet som blir avviklet kun i en avgrenset periode i året. Festspillene mener det er viktig å dyrke den opprinnelige festspillideen, om å være et møtested der man sprenger og utvider rammene for det som ellers er mulig å få til i kulturlivet. Med dette menes muligheten for å foreta dypdykk i kunsten som ikke ellers lar

seg gjøre. Dersom festivalene pålegges publikumsrettede aktiviteter gjennom hele året, vil denne egenskapen forvitre.»

Vidare heiter det at

«...et krav fra departementet om å utvide virksomheten til å gjelde hele året, vil bidra til utvanning av festivalbegrepet og samtidig være en stor belastning på organisasjonen. Det vil svekke organisasjonens evner til å fokusere på sitt opprinnelige oppdrag – og minske muligheten for å skape internasjonalt gjennomslag.»

Også *Olavsfestdagene i Trondheim* er

«...skeptisk til denne formuleringen, da en festival bør prioritere sin kjerneperiode.»

Festspillene i Nord-Norge skriv:

«Festspillene i Nord-Norge er landets eneste festival med egen turneavdeling. I 2006 gjennomførte vi 99 konserter utenom festivalperioden, de fleste av dem utenfor Harstad. Dette gir oss legitimitet i hele landsdelen. Men vi stiller spørsmålsteget ved om et slikt krav er rimelig der hvor det allerede finnes mange tilbydere (konkurrenter), .»

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival:

«Desse aktivitetene har imidlertid vore gjennomført ved hjelp av eksterne midlar, hovudsakleg frå Norsk kulturråd. Etter bortfall av LOK-midlane i Norsk kulturråd og avgrensing av knutepunktinstitusjonane sin moglegheit til å søke Norsk kulturråd om støtte i det heile, står festivalen i ein ny situasjon når det gjeld ressursar til tiltak gjennom året. Pålegg frå KKD om slikt heilårleg aktivitet som del av den ordinære drifta vil difor utløyse trong for ekstra ressursar gjennom det ordinære driftstilskotet dersom dette ikkje skal gå ut over produksjonen, aktiviteten og kvaliteten på sjølve festivalarrangementet. Men forutsatt at dei økonomiske rammene vert auka for å kunne drive slik aktivitet, ser festivalen det som positivt at dette vert ein del av den ordinære verksemda.»

Ultima Oslo Contemporary Music Festival uttaler:

«Dette er noe vi også ønsker oss ressurser til, og som vi tror vil kunne ha betydning for å bygge et mer stabilt forhold til ulike publikumsgrupper. Å bygge en merkevare av en festival i dag er vanskelig nok, i kamp med langt mer kommersielle krefter. Det vil kunne være av interesse for institusjonen og alle partnere å kunne gjøre noe langtidsrettet som kan komme pu-

blikum i regionen til gode gjennom andre deler av året. Det er selvsagt også andre momenter som kan diskuteres i en slik gjennomgang av institusjonene, ikke minst med utgangspunkt i hva slags prosess dette skal være. Her vil vi minne om problemstillingene som ble reist innledningsvis, og egentlig be om en differensiering i omfanget utfra hvilke ressurser institusjonen selv besitter, slik at en vurdering tar høyde for virksomhetens mulighet til å nå – eventuelt ikke nå – de ambisiøse mål som strekes opp for den.»

Dei regionale tilskotspartane som uttaler seg, har noko ulikt syn.

Sør-Trøndelag fylkeskommune

«...slutter seg til de kriteriene som er foreslått av KKD og vil særlig understreke disse to punktene; knutepunktinstitusjonen som kompetansesenter for regionalt kulturliv – publikumsrettede tiltak gjennom året.»

Trondheim kommune legg særleg vekt på krava knytte til knutepunktfestivalane si rolle som kompetansesenter og publikumsretta tiltak gjennom året. Vidare ønskjer Trondheim kommune ei klårare presisering av «Kriterier knyttet til vurdering av frivillighetsapparatets betydning som regional festivalfaglig kompetanseressurs» og «Synliggjøring av synergieffekter knyttet til det festivalfaglige kultur- og næringsperspektivet.»

Lillehammer kommune er positiv, men peiker på at

«Det er svært viktig at man ikke skaper en konkurransesituasjon der mindre klubber og aktører mister sin posisjon når knutepunktinstitusjonen inntar en større rolle gjennom året. Utvidede krav til knutepunktfestivalen skal ikke bli noen sovepute for kommunene og det øvrige lokale/regionale kulturliv. Vi antar at det gjennom kriteriene for knutepunktfestivaler også vil inneholde – egen plassering på statsbudsjettet – signaler om det skal oppnevnes styremedlemmer nasjonalt/regionalt/lokalt – og eventuell dialog om dette. Vi antar at det for de knutepunktfestivaler som ikke har fått en vesentlig økning i statstilskudd da de ble knutepunkt, så vil de bli økonomisk styrket når kriteriene skal tre i kraft.»

Bergen kommune meiner:

«... det er uhensiktsmessig å kreve at festivaler både skal konkurrere internasjonalt, samtidig som de pålegges oppgaver på siden av deres

hovedvirksomhet, oppgaver som deres konkurrenter i utlandet sjeldent har.»

3.3.3 Evaluering av knutepunkttoppdrag

Forslaget til opplegg for evaluering får brei tilslutning. Men i høyringsfråsegnene blir det også peika på at evaluering er ressurskrevjande. Vidare blir det vist til at knutepunkta av ressursmessige omsyn har prioriterte innsatsområde av fagleg og administrativ karakter og derfor må bli vurderte ut frå den samla verksemda. Det blir understreka at det må bli gitt rimeleg tid til omstilling og at institusjonane er ulike og ikkje kan fylle alle kriteria på ein like god måte.

Fleire tar til motmæle mot opplegget for vurdering av omdømme gjennom medieomtale, jf. B, pkt. 3 over. Som grunngeving blir det vist til at media nedprioriterer utkantfestivalar og at mediefokus ikkje er eit kvalitetskriterium i seg sjølv.

Nordnorsk kunstnersenter meiner at

«Når det her sies at «noen av funksjonene» skal evalueres er det etter vår mening for vagt formulert. Vi mener knutepunktinstitusjonene bør vurderes ut fra sin samlede virksomhet. Årsaken til dette er at vi har en økonomisk og ressursmessig situasjon der vi er nødt til å prioritere noen satsningsområder innen virksomhetsområdet. Det er viktig at evalueringen fanger opp dette, og gjerne også vurderer om satsningene er godt eller dårlig begrunnet.»

Molde International Jazz Festival peiker på at

«Det er viktig at det gis rimelig tid til eventuell omstilling og justering av kurs (...) Å benytte media som kilde for å vurdere festivalers omdømme kan være problematisk. Selv om vi fram til i dag har vært dyktige og heldige til å få mye og viktig medieomtale i riksdekkende, regionale og lokale medier, vet vi at mediens ressursituasjon og prioriteringer kan føre til endringer og begrensninger i framtida. Dette gjelder særlig for festivaler som oppfattes å ligge i en «utkant».

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival meiner at

«... Til dømes er det slik at kompetansen og satsinga innan norsk medieverd når det gjeld den sjangeren Førdefestivalen representerer etter måten er låg, og det er vanskeleg å nå igjennom for å få oppslag og kvalifiserte kritikkar, medan ein samstundes greier å trekke til seg viktig utanlandsk presse. Når det gjeld til

dømes publikumsutvikling vil denne bli påverka av generelle utviklingstrekk i samfunnet som kan slå heilt ulikt ut for dei ulike festivalane, like mykje som det vil vere resultat av festivalane sine eigne strategiar og arbeid på dette området. Det må vere ein føresetnad at moment som nemnt over vert tatt med i vurderinga under evalueringsarbeidet med festivalane.»

Kortfilmfestivalen i Grimstad meiner det er viktig at

«...en evaluering skjer på en måte som ikke skaper unødvendig mye administrasjon og at den informasjonen som innhentes kan benyttes på en konstruktiv måte både av institusjonene selv og av det offentlige i deres egne evalueringer og planlegging (.). Samtidig må det være selvsagt at det offentlige (kommune, fylke og stat) ikke skal styre institusjonene kunstnerisk, og at langsiktige kulturelle effekter gis stor betydning når publikumsutvikling, medieomtale og/eller kunstnerisk kvalitet vurderes.»

Regionale tilskotspartar understrekar sin eigen funksjon i evalueringsarbeidet og at det bør vere forpliktande dialog mellom statlege, regionale og lokale styresmakter i oppfølging av institusjonane.

Lillehammer kommune uttaler at

«Når det gjelder delen rundt evaluering ser vi ikke at kommunene er tiltenkt noen rolle. Når man på lokalt plan blir styrt av staten til å sette nivå på tilskuddet til knutepunktinstitusjonene så anser vi det som noe underlig at vi ikke skal ha noe å si i evalueringen av festivalene. I og med at knutepunktordningen innebærer et forpliktende samarbeid mellom de tre offentlige nivåene, må fylkeskommune og kommune trekkes med. Kommunene bør etter vår mening være en medspiller når man skal evaluere ordningen. Spesielt må det gjelde den lokale/regionale tilknytningen, samt den publikumsrettede aktivitet på festivalen og gjennom året. Det kan bli en faglig utfordring og ressurskrevende å gjennomføre en evaluering for alle nivåer og for festivalen. Det viktigste arbeidet festivalene gjør er å videreutvikle seg faglig og holde et høyt nasjonalt og internasjonalt nivå på sitt arbeid.»

Molde kommune har tilsvarende merknad.

Oslo kommune meiner på si side at

«Dersom vesentlige punkter i de krav som stilles i tildelingsbrev ikke oppfylles, bør stat og region/lokale myndigheter kunne vurdere å trekke sin støtte før de fem årene er gått, uten den nedtrapping som foreslås dersom målene og forutsetningene ikke oppfylles. Dersom lover og regelverk følges, er Oslo kommune enig i at festivalen skal gjennomgås etter et visst antall år for at stat og lokal bidragsyter kan gi respons dersom det er behov for styrking av deler ved driften og festivalens tilbud og aktivitet. Oslo kommune støtter prinsippet om at festivalen skal få en mulighet for omstilling innen to år, og deretter en avvikling som knutepunktinstitusjon over to år dersom omstillingen ikke lykkes. Oslo kommune vil understreke at det da ikke bare er det statlige tilskuddet som trappes ned, men automatisk også det lokale. Oslo kommune er enig i at festivalen deretter kan søke støtte om tilskudd på linje med andre institusjoner/kulturiltak.»

Hordaland fylkeskommune meiner at

«Det er avgjerande at vurderingsprosessen skjer i forpliktande dialog mellom statlege, regionale og lokale styresmakter. Ein knutepunktinstitusjon er samsatsing mellom alle forvaltningsnivåa. Det er ikkje statlege styresmaktar åleine som skal dela ut knutepunkttoppdrag eller fatta ensidig avgjerd om kva institusjonar som skal ha slik status.»

Aust-Agder fylkeskommune er på si side

«...betenkt over at det offentlige skal gå inn og vurdere kunstnerisk kvalitet, egenart, programprofil og lignende, slik det legges opp til i punkt B 3. ledd. Mediefokus kan også være et problematisk kriterium å vektlegge i for stor grad i kunstnerisk sammenheng.»

3.3.4 Prosess

I høyringsfråsegnene er det ingen vesentlege merknader til forslaget i høyringsutkastet om ein evalueringsprosess som er open andsynes institusjonane som kjem inn under opplegget, jf. kap. 3.2.3. C. *Prosess*.

Blant dei regionale tilskotspartane ber fleire om å bli tekne med i arbeidet med evalueringane på eit tidleg stadium for å få tilstrekkeleg innverknad på prosessane.

4 Departementets vurdering av kriterium for knutepunktstatus

4.1 Innleiing

Formålet med denne meldinga er å gi knutepunkt-omgrepet eit fornya innhald ved å presisere det samfunnsoppdraget og kulturansvaret som følgjer av status som knutepunkt. Meldinga gjer også greie for eit justert opplegg for vurdering av mål- og resultatoppnåing gjennom evaluering kvart fjerde år.

Det er i dag stor variasjon mellom knutepunkta både når det gjeld breidde og innretning av kunstnarleg profil, omfang og verksemd. Departementet legg til grunn at det også vil vere slike variasjonar i framtida.

Gjennom det justerte knutepunktomgrepet blir det gjort greie for dei resultatkrava som ligg til grunn for det offentlege tilskotet. Knutepunkta vil ha det til felles at dei har fått oppgåver ut over si ordinære kunstnarlege verksemd og lokale forankring. Innretninga på oppdraget og omfanget vil variere avhengig av profilen til knutepunktet og ressursane.

Departementet legg særleg vekt på følgjande kriterium som grunnlag for vurdering og evaluering av knutepunkta:

- forankring til stad
- festivalaktivitet kvart år
- kunstnarleg leiande
- koordinering og samarbeid
- nasjonal og internasjonal orientering
- nyskapande og utviklingsorientert
- publikumsutvikling
- god ressursutnytting
- regional medverknad.

4.1.1 Forankring til stad

Med få unnatak har festivalane og knutepunkta vakse fram over tid og med utgangspunkt i lokale tilhøve, engasjement og behov. Initiativtakarar har ofte vore lokale eldsjeler, entreprenørar og miljø som har eit djupt engasjement for verksemda, og som har vore sterkt medverkande til utviklinga av verksemda sin særleine profil. Desse har ofte

vore ei drivkraft for utviklinga og ein viktig føresetnad for suksess både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Knutepunkta representerer variasjon, breidde og fagleg fordjuping. Spreiinga av knutepunkt ut over landet er eit bidrag til oppfylling av ønsket om geografisk fordeling av kulturtilbodet og eit meir mangfaldig tilbod av profesjonell kunst til eit breitt publikum, ikkje minst i dei regionane der knutepunkta er lokaliserte.

Knutepunkta er avhengige av lokal oppslutning. Dei fleste av festivalane er også avhengige av innsats frå frivillige for å kunne bli gjennomførte. I tillegg kan dei vere ein arena for samarbeid med amatørverksemd lokalt. Organisasjon og anna infrastruktur er ofte bygd opp over lang tid og representerer stor erfaring og kompetanse. Forankring til stad og identitet er difor ein viktig føresetnad for å kunne oppfylle krava til status som knutepunkt.

4.1.2 Festivalaktivitet kvart år

Eit knutepunkt byggjer på ein publikumsretta festival eller eit festspel av ei viss tidsmessig lengd og eit visst omfang, og som er ein hovudaktivitet kvart år. Det skal leggjast vekt på å nå eit breitt publikum.

Knutepunkta skal organisere og målrette sine kunstnarlege, administrative og økonomiske ressursar mot planlegging og gjennomføring av den årlege festivalen eller festspelet og til vidareutvikling av denne hovudaktiviteten. Det er ein føresetnad at det er heilårleg drift. Som ein del av verksemda kan også andre typar arrangement inngå, for eksempel innanfor fleire kunstområde.

Eit samarbeid mellom knutepunkt, frivillig sektor og næringslivet er ønskeleg.

4.1.3 Kunstnarleg leiande

Knutepunkta skal ha ein leiande posisjon innanfor sin sjanger og hovudverkeområde. Dei skal produsere og formidle eit kunstnarleg program på

høgt nivå. Knutepunktet skal utmerke seg med høg fagleg kompetanse og kunnskap om utviklinga på sitt kunstområde, både nasjonalt og internasjonalt. Frå eit kvart knutepunkt er det forventa nyskapande og innovativ formidling.

I tillegg til å presentere norsk kunst og kultur skal knutepunkta vere internasjonalt orienterte i sitt programopplegg og delta i nasjonale og internasjonale nettverk. Dette med tanke på produksjonar og utveksling av utøvarar og artistar så vel som kunnskap om det kunstfeltet dei opererer i.

Knutepunkta skal som hovudregel ha som formål å presentere eit kunstnarleg tilbod innanfor ein sjanger eller eit kunstuttrykk, som til dømes dagens knutepunkt for blues, folkemusikk, jazz og ny musikk. Dagens festspel med knutepunktoppdrag har ofte ein noko breiare programprofil enn festivalane, men også desse har hovudvekta av programmet sitt innanfor ein sjanger eller ei kunstform.

Ein føresetnad for statleg støtte til kulturformål er at verksemda formidlar kunst av høg kvalitet til så mange som mogleg. Kravet til kunstnarleg kvalitet femner både om det kunstnarlege uttrykket som skal formidlast, og sjølve formidlinga.

4.1.4 Koordinering og samarbeid

Knutepunkta skal – som leiande innanfor sin sjanger eller sitt verkeområde – ta eit ansvar for koordinering og samarbeid mellom andre festivalar eller festspel innanfor same sjanger. Det kan eksempelvis dreie seg om samarbeid med bransjeorganisasjonar, faglege organisasjonar eller anna organisert samarbeid og faglege nettverk utanlands og innanlands. Det kan også dreie seg om å koordinere informasjon om andre festivalar av vesentleg kunstnarleg verdi, ta ansvar for relevante opplæringstilbod eller andre faglege og administrative tiltak. Knutepunkta vil ha eit særleg ansvar for å medverke til utvikling.

På denne måten vil knutepunkta få ei viktig rolle som koordinerings- og samarbeidspartar i høve til andre festivalar og kulturtiltak innanfor eigen sjanger, samstundes som dei får eit ansvar for utviklinga av feltet utover si eiga verksemd. Dette vil bli ein viktig del av oppdraget som følgjer med knutepunktstatusen.

Auka samarbeid vil gi regionar med knutepunkt auka arrangørkompetanse. Det er derfor viktig at regionale styresmakter bidreg til å leggje til rette for slikt samarbeid og følgjer opp det ansvaret som ligg i å ha eit knutepunkt i sin region.

4.1.5 Nasjonal og internasjonal orientering

Knutepunkta skal vere nasjonalt og internasjonalt orienterte innanfor sine oppdragsområde. Det tilseier at dei i programopplegget skal leggje vekt på å kunne presentere artistar på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå. Dette er viktig både for kunstnarane og publikum.

Knutepunktfestivalar er viktige møteplassar for norske og utanlandske arrangørar så vel som utøvarar. I tillegg til å presentere norsk kunst og kultur skal knutepunkta vere internasjonalt orienterte i sine programopplegg. Det vil vere viktig å delta i internasjonale nettverk med tanke på utveksling av erfaringar, felles produksjonar og samarbeid om program. Slikt samarbeid kan også vere viktig for å medverke til presentasjon av norske artistar på internasjonale arenaer.

Knutepunkta vil ha eit særleg ansvar for at slikt samarbeid kjem andre nasjonale arrangørar og verksemdar til nytte.

4.1.6 Nyskapande og utviklingsorientert

Knutepunkta skal aktivt medverke til å fornye og utvikle sin sjanger eller si verksemd. Dei skal vere pådrivarar i den generelle utviklinga på kulturområdet. Det vil bli lagt merke til om knutepunkta over tid eksperimenterer og vel dristige kunstuttrykk i programmeringa.

Å vere innovative og utviklingsorienterte i programvalet, i formidlinga av kunst og kultur og i arbeidet med å rekruttere nye publikumsgrupper vil bli viktig i åra framover.

Det vil bli lagt vekt på at knutepunkta skal medverke til nyskaping gjennom eigne idear og produksjonar. Dette oppdraget må vere i samsvar med det ressursmessige grunnlaget for knutepunktet.

4.1.7 Publikumsutvikling

Knutepunkta skal ha ein samla strategisk plan for formidling av kunst til eit breitt publikum. Viktige element i ein slik plan vil vere kunnskap om dei ulike målgruppene og ikkje minst strategi for å rekruttere nytt publikum. Fokus bør vere på utvikling av metodar, informasjonsstrategiar og arenaer for formidling.

Publikumsutvikling inneber på den eine sida å utvikle eit nytt publikum, og på den andre sida å stimulere eksisterande publikum til å bruke tilbodet meir. Å nå eit nytt publikum har som føreset-

nad utvikling av differensierte verkemiddel innanfor programopplegg, prispolitikk og marknadsføring. Grunnlaget er kvalitet i innhald så vel som i formidling.

Kunnskap om det publikum som knutepunktet ønskjer å nå, er viktig for å overvinne dei hinder som ligg i mellom anna ulike interesser og sosiale skilnader, geografi, alder og kjønn. Prispolitikken vil også innverke på kven som har råd til å delta.

Det ligg til knutepunkta å sørgje for at informasjon om verksemda er tilgjengeleg ved bruk av ny teknologi som til dømes nettsider og elektronisk billettsystem.

Regionar med knutepunkt må på si side leggje til rette for at knutepunkta har tilgang til fysiske fasilitetar og arenaer for formidling som er tilpassa knutepunkta si verksemd og behova dei har.

4.1.8 God ressursutnytting

God ressursutnytting er ein føresetnad for vurdering av knutepunktoppdrag. Verksemda skal vere målretta og skal ha styringssystem som sikrar god kunstnarleg, fagleg og publikumsmessig måloppnåing, og som gir god ressursforvaltning.

Det er ein føresetnad at knutepunkta, for å sikre langsiktig verksemd, utviklar system for risikovurdering som kan inngå i knutepunkta sitt arbeid med programopplegg og anna fagleg verksemd.

Det offentlege tilskotet til knutepunkta er eit viktig grunnlag for drifta. I tillegg bør knutepunkta utvikle andre inntektskjelder, det vil seie eigeninntekter og støtte frå sponsorar.

4.1.9 Regional medverknad

Det offentlege tilskotet til knutepunkta skal delast mellom stat og region i forholdet 60-40 pst. med unnatak for knutepunkta i dei tre nordligaste fylka der fordelinga mellom stat og region skal vere 70-30 pst, jf. kapittel 2.1 *Om knutepunkt*.

Aktiviteten til knutepunkta vil i stor grad kome vertsregionen til gode på ulike måtar. Det vil derfor vere eit rimeleg krav at regionen legg til rette for gode rammevilkår for knutepunkta.

Knutepunktoppdraget medfører fast offentleg tilskot til drift av verksemda. Knutepunkta får med dette ein tryggleik i økonomien som gjer at dei kan planleggje på lang sikt, noko som er avgjerande for gjennomføringa av oppdraget. Knutepunkta vil, på line med andre mottakarar av fast statleg tilskot, som hovudregel ikkje kunne søke om prosjektstøtte frå Norsk kulturråd.

Knutepunkta skal årleg rapportere til departementet om oppnådde resultat og planar for komande år, jf. omtale under kapittel 5 *Oppnådde mål, styring og kontroll*. Departementet legg vidare opp til ei systematisk evaluering og ein dialog med knutepunkta og lokale og regionale tilskotsparter kvart fjerde år om oppnådde resultat i perioden og føresetnadene for vidare drift.

4.2 Oppdrag for knutepunkt – departementets vurdering

Dei kriteria som er omtalte ovanfor, gir innhald til det samfunnsoppdraget og kulturansvaret som denne meldinga legg opp til skal følgje statusen som knutepunkt. Samstundes gir kriteria grunnlag for å vurdere korleis verksemd tek vare på ansvaret og løyser oppdraget.

Omtalen av dagens knutepunkt viser at det er store skilnader mellom knutepunkt, jf. kapittel 2.6 *Knutepunkt*. Skilnadene gjeld både med omsyn til kunstnarleg innretning, omfang av aktiviteten og verksemda sine administrative og økonomiske ressursar. Departementet legg som nemnt til grunn at det vil vere slike variasjonar også i framtida. Knutepunkt vil dermed ha ulike utgangspunkt og ulikt høve til å ta hand om ansvaret og følgje opp oppgåvene som heng saman med statusen som knutepunkt.

Det er i dag store skilnader i det statlege tilskotet til knutepunkta. For å realisere formålet med meldinga og kriteria som heng saman med knutepunktoppdraget, vil departementet, på bakgrunn av vel underbygde søknader og dokumentasjon av oppnådde resultat, kunne vurdere auka tilskot til dei knutepunkta som har lågast tilskot i dag. Departementet legg til grunn at dei regionale styresmaktene vil bidra til slik auke i tilskota i tråd med fordelingsreglane for tilskot til knutepunkt. Staten yter 60 pst. av det offentlege tilskotet til knutepunkt og regionen 40 pst., med unnatak av knutepunkt i Nord-Noreg der fordelinga mellom staten og regionen er 70 pst. og 30 pst.

Verksemdene vil likevel ha ulikt utgangspunkt med omsyn til administrative og økonomiske ressursar.

Departementets vurdering er at dei ni kriteria – forankring til stad, festivalaktivitet kvart år, kunstnarleg leiande, koordinering og samarbeid, nasjonal og internasjonal orientering, nyskapande og utviklingsorientert, publikumsutvikling, god ressursutnytting og regional medverknad – utgjer

ein samanheng og ein heilskap som bør gjelde generelt for verksemder med knutepunktstatus.

Samstundes ser departementet med bakgrunn i dagens knutepunkt at det ikkje bør gå «inflasjon» i knutepunktoppdrag. Nye knutepunkt skal ha ei særskilt grunngeving anten i form av nasjonalt sjangeransvar eller regionalt breiddeansvar.

Dei fleste av dagens knutepunkt har som del av sitt formål å vere kunstnarleg leiande innanfor sitt verkeområde på nasjonalt nivå. I tillegg til å presentere norsk kunst og kultur, er dei internasjonalt orienterte i sitt programopplegg og tek del i nettverk med festivalar i andre land om felles produksjonar og utveksling av utøvarar og artistar og om kunnskap om det kunstfeltet dei opererer i. Nettverka er viktige møteplassar for norske og utanlandske arrangørar og utøvarar.

Nokre knutepunkt har ei breiare kunstnarleg innretning og større vekt på det regionale og på ein lokal identitet. Her er det vesentlege å gi eit tilbod til publikum regionalt. Nokre kan ha begge rollene.

Knutepunkt med eit sjangeransvar skal vere leiande og presentere eit program prega av kunstnarleg nyskaping og med utøvarar og artistar av høg nasjonal og internasjonal kunstnarleg standard.

Av knutepunkt med eit regionalt basert oppdrag er det venta at dei er leiande i sin region med omsyn til å presentere eit program av høg kunstnarleg kvalitet. Vidare skal verksemda ha ei sterk forankring i eit regionalt publikum og bli sett på som ein viktig leverandør til kunst- og kulturlivet regionalt. Dei skal vidare vere kontaktpunkt og bidra til å spreie informasjon og kompetanse om festivaldrift i regionen.

At ein festival har eit særskilt sjangeransvar er ikkje til hinder for ein breiare kunstnarleg profil. Det er også viktig at festivalane med nasjonalt sjangeransvar er ein ressurs i regionen.

I dag har knutepunktfestivalane slik hovedprofil:

- Molde International Jazz Festival, jazz
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, folkemusikk
- Ultima Oslo Contemporary Music Festival, samtidsmusikk
- Notodden Blues Festival, blues
- Festspillene i Bergen, festspel for musikk og scenekunst
- Mela-festivalen, multikulturell kunst og kultur
- Norsk Litteraturfestival - Sigrid Undset-dagene, litteratur
- Olavsfestdagene i Trondheim, kyrkjemusikk m.m
- Festspillene i Nord-Norge, festspel for musikk, scenekunst og biletkunst
- Festspillene i Elverum, festspel i eit samarbeid med «Ungdomssymfonikerne»
- Per Gynt-stemnet, scenekunst m.m.

Departementet har gitt Øyafestivalen tilbod om knutepunktstatus for rock.

Dei ulike festivalane står fritt til å bestemme sitt eige formål og sin eigen kunstnarlege profil. Det skal vere armlengds avstand til den frie kunstnarlege leiinga av festivalen. Eventuelle endringar i hovudprofilen vil vere ein viktig premiss i framtidige vurderingar av knutepunktfestivalane.

5 Oppnådde mål, styring og kontroll

5.1 Innleiing

I samband med innføring av nytt økonomiregelverk for staten foreslo departementet i St.prp. nr. 1 (1996-1997) eit gradert styrings- og kontrollsystem for forvaltning av løyvingane frå departementet som Stortinget slutta seg til, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (1996-1997).

Tilskot til knutepunkta er definert innanfor «Type 1: Tilskot til institusjonar som inngår i funksjonsdelingssystemet og aksjeselskap der staten eig meir enn 50 pst.»

Sjå omtale av dette også i St.prp. nr. 1 (2007-2008), kap. 7 *Tilskuddsforvaltning – gradert styrings- og kontrollsystem*.

På denne bakgrunnen har departementet fastsett mål- og resultatkriterium for tilskot til kunst- og kulturverksemdar innanfor dei ulike budsjettområda. I kapittel 3 *Høyring om justerte kriterium for og vurdering av knutepunktoppdrag*, er det gjort greie for hovudmåla på eit generelt nivå.

Dei fleste knutepunkta tilhøyrrer musikkområdet og mottek tilskot under statsbudsjettet sitt kapittel 323 Musikkformål. For tilskot under dette kapitlet er hovudmåla formulerte slik:

- 1) gjere musikk av høg kunstnarleg kvalitet tilgjengeleg for flest mogleg
- 2) fremje kunstnarleg utvikling og fornying
- 3) målrette verksemda og utnytte ressursane best mogleg.

Til kvart av dei tre hovudmåla er det knytt delmål og resultatkriterium, og knutepunkta og andre mottakarar av tilskot rapporterer årleg til departementet i samsvar med resultatkriteria om publikumstal og konsertar, om urframføringar, framføring av norske og utanlandske samtidsverk, om strategiplanar og tiltak for å sikre god ressursutnytting.

I denne meldinga er innhaldet i omgrepet knutepunkt og mål- og resultatkrava til festivalar og festspel som har knutepunktstatus, utvikla og presiserte til forankring til ein stad, festivalaktivitet kvart år, kunstnarleg leiande, koordinering og samarbeid, nasjonal og internasjonal orientering,

nyskapande og utviklingsorientert, publikumsutvikling, god ressursutnytting og regional medverknad, jf. kapittel 4 *Departementets vurdering av kriterium for knutepunktstatus*. Innhald og krav som presiseringa inneber, kjem i tillegg til dei generelle mål- og resultatkriteria som er nemnde ovanfor.

Eit anna hovudpunkt i denne meldinga er innføring av evaluering av kunstnarleg og fagleg kvalitet i tillegg til vurdering på grunnlag av kvantitative målkriterium.

5.2 Evaluering

Knutepunktevalueringa skal ta utgangspunkt i dei presiserte mål- og resultatkriteria som ligg til grunn for statens tilskot til knutepunktet.

Det inneber vurdering av oppnådde resultat når det gjeld:

- forankring til ein stad
- festivalaktivitet kvart år
- kunstnarleg leiande
- koordinering og samarbeid
- nasjonal og internasjonal orientering
- nyskapande og utviklingsorientert
- publikumsutvikling
- god ressursutnytting
- regional medverknad.

Det inneber også måling av kvantitative kriterium som tal på publikum og tal på arrangement, medrekna arrangement retta mot særskilde publikumsgrupper. Vidare vil det seie å ta omsyn til om det aktuelle knutepunktet har eit særskild ansvar innanfor sin sjanger, sitt verkeområde eller sin region.

Departementet vil leggje knutepunkta sine eigne, årlege rapportar til departementet til grunn for evalueringane. For å få fagleg og kunstnarleg kompetente vurderingar av i kva for grad knutepunkta har nådd dei totale måla for tilskotet til institusjonen, medrekna kunstnarlege prestasjonar og utvikling, vil det vere naudsynt å engasjere fagekspertise. I tillegg til norske ekspertar kan det

vere aktuelt å innhente kompetanse frå andre land, i første rekkje andre nordiske land.

For å kunne gjennomføre komparative vurderingar av knutepunkta mot andre festivalar, vil det kunne vere naudsynt å innhente informasjon om andre festivalar på ein systematisk måte.

Evalueringane bør gjennomførast kvart fjerde år og på grunnlag av oppnådde resultat sidan førre evaluering. Også for den første evalueringa bør ein leggje til grunn eit fireårsperspektiv.

Departementet reknar med at evaluering av oppnådde kvalitative mål vil tilføre kunnskap om og utdjupe forståinga av knutepunkta sine kunstnarlege resultat.

Det er viktig at opplegg og gjennomføring av evalueringane blir gjort på ein måte som er tilpassa det einskilte knutepunktet. Det gjeld også verksemda sitt formål, eigenart og økonomiske ressursar.

Evalueringa skal kunne medverke til kunstnarleg så vel som økonomisk og administrativ utvikling, og med det gjere institusjonen betre i stand til å nå dei oppsette måla. For at evalueringa skal bli ein læreprosess og gi grunnlag for utvikling for dei involverte, må vurdering av resultat og i kva grad måla er nådde, bli lagt opp slik at knutepunkta er aktive medspelarar. Dei regionale tilskotspartane må også ha oppgåver i samband med evalueringsprosessen. Tilskotspartane skal i samråd bidra til å utvikle sentrale problemstillingar og til gjennomføring av evalueringa.

Det einskilte knutepunktet må etter at alle evalueringsrapportane ligg føre, bli invitert til ein dialog med departementet og dei regionale og lokale tilskotspartane om resultat.

Tildeling av status som knutepunkt kan bli trekt tilbake. Ved starten av ei evaluering må det bli gjort klart for knutepunkta at dersom dei oppsette måla gjennomgåande berre i liten grad er oppnådde, kan dette medføre tap av knutepunktstatus.

Verksemdene som har knutepunktstatus, jf. omtale under kapittel 2.6 *Knutepunkt*, må bli gjevne rimeleg tid til å omstille seg og innrette verksemda for å kome kriterium for det justerte knutepunkttoppdraget til møtes.

For fleire av knutepunkta vil det også vere naudsynt å styrkje det økonomiske grunnlaget for verksemda. Det vil like vel vere merkbar forskjellar mellom knutepunkta både når det gjeld offentlege tilskot og det høvet dei har til å generere eigeninntekter. Forventningane til dei ulike institusjonane vil derfor måtte bli graderte. Dersom regionen reduserer sitt tilskot vil statens tilskot

bli redusert tilsvarende slik at fordelingsnøkkelen 60/40 mellom stat og region står ved lag.

I samsvar med det etablerte funksjonsdelingsystemet for finansiering av kulturinstitusjonar, jf. St.meld. nr. 61 (1991-1992) Kultur i tiden og Innst. S. nr. 115 (1992-1993) er finansieringa av knutepunkt delt 60-40 for stat/region i Sør-Noreg og 70/30 i Nord-Noreg. Nye knutepunkt vil bli etablerte i dialog og forståing med det regionale leddet og eventuelt Sametinget. Nye avtalar mellom staten og regionale/kommunale styringsorgan blir inngått med ein 4 års horisont som forpliktar staten og dei regionale tilskotspartane i perioden.

Mykje taler for at første evaluering først bør bli gjennomført to år etter at reviderte krav er fastsette. Det vil i alle tilfelle vere viktig å leggje vekt på læringsaspektet slik at evalueringa eventuelt blir eit bidrag til å omstille verksemda i ei retning som sikrar betre måloppnåing i tråd med føresetnadene for status som knutepunkt.

5.3 Oppnemning av styre og val av organisasjonsform

Det er i dag ein føresetnad for det statlege tilskotet til knutepunkta at staten får oppnemne styreleiar og eitt styremedlem med vararepresentantar.

Departementet vil understreke det viktige ved at knutepunkta har kompetente og velfungerande styre. Det er vanskeleg å få eit styre med for mange medlemmer til å fungere godt. Offentlege styresmakter bør leggje seg dette på sinnet og medverke til at styra blir funksjonsdyktige.

Departementet ser ikkje oppnemning av styremedlem som ein styringsreiskap, men som eit bidrag til å sikre at knutepunkta får kompetente styre som kan sjå til at forvaltninga av verksemda følger lover og reglar og at knutepunkta lever opp til dei føresetnadene som staten har sett for tilskotet.

Med referanse til St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*, og Stortinget si handsaming av meldinga, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007), gjer departementet framlegg om at regionane skal ha større ansvar for oppnemning av styreleiarar og stymedlemmer til region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt frå 2010. Hovudregelen skal vere at det nye regionale forvaltningsnivået har ansvar for å nemne opp styreleiar og eventuelt nokre av eller alle styremedlemene, men at regjeringa i særskilde høve kan vike frå denne regelen. I kvart enkelt tilfelle må ein gjennomgå og ta stilling til nøyaktig fordeling.

Medan ein ventar på at dette blir gjennomført, vil departementet gå inn for at staten nemner opp eitt styremedlem med varamedlem til styre for knutepunkta.

Staten vil konsentrere si styring av knutepunkta gjennom føresetnadene for statstilskotet til desse verksemdene. Departementet vil like vel understreke det viktige i at det ved styreoppnemning blir lagt stor vekt på å oppnemne kompetente styre slik at styret som kollegium har brei kompetanse, både når det gjeld verksemda sine faglege oppgåver og dei økonomiske og administrative oppgåvene.

Dagens knutepunkt er i hovudsak organiserte som stiftingar. Denne organisasjonsforma har ein funne tenleg som rettsleg ramme for samarbeidsprosjekt innanfor kulturforvaltinga.

Departementet legg til grunn at stifting framleis skal vere den vanlege organisasjonsforma for eit knutepunkt. Ein vil like vel ikkje sjå bort frå at andre organisasjonsformer kan bli vurderte i særskilde tilfelle.

Det er under alle omstende ein føresetnad at verksemda er organisert slik at det er mogleg å kontrollere at tilskotet blir brukt i samsvar med formålet.

5.4 Styret og leiinga sitt ansvar for oppfølging og kontroll

Det er styret og den administrative leiinga som har ansvaret for at forvaltinga av verksemdene til

ei kvar tid skjer i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. mellom anna lov av 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskap, lov av 15. juni 2001 nr. 59 om stiftingar, lov av 17. juli 1998 nr. 56 om årsrekneskap m.m.

Styret har ei særskild plikt til å passe på at knutepunkta har gode og kvalitetssikra rutinar for å utarbeide budsjett og andre planverkty og at rekneskap og forvalting av formue blir underlagt gode kontrollrutinar. Den interne kontrollen kan ikkje bli erstatta av den revisjonen som blir utført av ekstern revisor.

Styret må sørgje for at verksemda etablerer, held ved like og etterlever system for god forvalting og kontroll av økonomien slik at det til ei kvar tid er full oversikt over den økonomiske situasjonen, og slik at tilhøvet mellom budsjetterte og faktiske utgifter og inntekter heile tida er under kontroll. Det må også bli sett av tilstrekkelege midlar til fri eigenkapital som tryggleik mot uventa kostnads- og inntektssvingingar uavhengig av organiseringa av knutepunktet.

Styret må sjå til at eigeninntektene blir realistisk budsjetterte. Eit eventuelt underskot må dekkjast gjennom overføringar frå fri eigenkapital eller over driftsbudsjettet i etterfølgjande budsjettår.

Styret har handlingsplikt når ein har grunn til å meine at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda.

Vidare har styret ei særskild plikt til å sjå til at verksemda blir drive i samsvar med statens føresetnader i tilskotsbrevet.

6 Gjennomføring

Departementet vil ta initiativ til å følge opp meldinga overfor dei enkelte knutepunkta og dei regionale og lokale tilskotspartane på bakgrunn av Stortingets handsaming av forslaget.

Oppfølginga vil i første omgang skje gjennom den årlege budsjettdialogen, dvs. departementets arbeid med og oppfølging av institusjonane si rap-

portering, revidert rekneskap for tidlegare år og søknader for komande budsjettår.

Det vil bli lagt opp til evaluering av kvar institusjon kvart fjerde år, og på ein slik måte at det årleg blir gjennomført vurdering av nokre av knutepunkta.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

For staten vil dei økonomiske konsekvensane som følgjer av stortingsmeldinga, vere ei gradvis opptrapping av tilskotet til knutepunkta, og først og fremst til dei knutepunkta som no har låge offentlege tilskot. Desse utgiftene vil bli dekte inn- anfor dei årlege løyvingane til kulturformål.

For dei regionale og lokale tilskotspartane vil tilskotet vere 40 pst. av det samla offentlege tilskotet til knutepunkt i Sør-Noreg og 30 pst. av det samla offentlege tilskotet til knutepunkt i Nord-Noreg. I samsvar med det etablerte funksjons- delingssystemet for finansiering av kulturinstitu- sjonar blir det inngått avtale mellom staten og fylkeskommunale/kommunale styresmakter med 4 års horisont om finansieringa av m.a. knute- punkta.

Fylkeskommunane og kommunane inngår slike avtaler om finansiering på sjølvstendig grunnlag. Ei gradvis opptrapping av det statlege tilskotet til knutepunkt, har også ei gradvis opp- trapping av det fylkeskommunale og kommunale tilskotet som vilkår.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 21. desember 2007 om knutepunkt blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Knutepunkt – St. prp. nr. 1 (2007–2008)**

Kapittel og post	Namn	Tilskot (i 1000 kroner)
322/72	Nordnorsk kunstnersenter / Lofoten internasjonale kunstfestival	3 595
323/72	Festspillene i Bergen	15 530
323/72	Festspillene i Nord-Norge	10 835
323/72	Olavsfestdagene i Trondheim	6 309
323/72	Molde International Jazz Festival	4 567
323/72	Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	3 228
323/72	Ultima Oslo Contemporary Music Festival	3 789
323/72	Festspillene i Elverum	1 732
323/72	Notodden Blues Festival	1 565
323/72	Ny knutepunktfestival rock	1 565
323/72	Stiftelsen Horisont/Mela	3 000
324/72	Per Gynt-stemnet	2 550
328/70	Norsk Litteraturfestival- Sigrid Undset-dagene	1 636

Vedlegg 2**Høringsinstansar**

Festspillene i Bergen
Hordaland fylkeskommune
Bergen kommune

Festspillene i Nord-Norge
Nordland fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Finmark fylkeskommune
Harstad kommune

Olavsfestdagene i Trondheim
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Trondheim kommune

Molde International Jazz Festival
Møre og Romsdal fylkeskommune
Molde kommune

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Førde kommune

Ultima Oslo Contemporary Music Festival
Oslo kommune

Festspillene i Elverum
Hedmark Fylkeskommune
Elverum kommune

Nordnorsk kunstnersenter/Lofoten Internasjonale Kunstfestival
Troms fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Vågan kommune

Norsk Litteraturfestival – Sigrid Undset-dagene
Maihaugen
Oppland fylkeskommune
Lillehammer kommune

Kortfilmfestivalen i Grimstad
Aust-Agder fylkeskommune
Grimstad kommune



Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på internett:
www.regjeringen.no

Omslagsfoto: Andreas Koester

Trykk: GAN Grafisk AS – 12/2007 - opplag 2150

